

# Besøksstrategi for verneområda i Breheimen



Breheimen nasjonalparkstyre er ansvarleg for besøksstrategien for Breheimen nasjonalpark med tilliggjande verneområde. Arbeidet er organisert av nasjonalparkforvalterne i Breheimen nasjonalpark.

Prosess med høyring, fagleg rådgjevande utval, reiseliv og andre inn her.

Besøksstrategi for Breheimen nasjonalpark er:  
fagleg godkjent av Miljødirektoratet den 11.03.2022  
og vedteke av Breheimen nasjonalparkstyre den **dato/mnd/år**

Edel Kveen

*styreleiar, Breheimen nasjonalparkstyre*

Jo Trygve Lyngved  
*nestleiar*

Rolv Enersvold  
*medlem*

Marianne Bugge  
*medlem*

Per-Gunnar Sveen  
*medlem*

Sonja Øvre-Flo  
*medlem*

Mark Taylor  
*varamedlem*

# Innhold

Samandrag.....	5
<b>1 Innleiing .....</b>	<b>6</b>
1.1. Formål.....	7
1.2. Kort om rammeverk .....	7
1.2.1. Kongeleg resolusjon .....	7
1.2.2. Naturmangfaldlova.....	8
1.2.3. Verneforskrifter .....	9
1.2.4. Forvaltningsplan .....	10
1.2.5. Vedtekter .....	10
1.2.6. Merkevarestrategi for Norges nasjonalparkar.....	10
<b>2 Kunnskapsgrunnlaget .....</b>	<b>11</b>
2.1 Sårbare naturverdiar .....	12
2.1.1 Villrein.....	12
2.1.2 Fugl .....	18
2.1.3 Kulturminne .....	19
2.1.4 Geologi – Grottene i Dumdalen.....	20
2.1.5 Kulturlandskapet .....	23
2.1.6 Vegetasjon- og terrengslitasje.....	23
2.2 Reiselivet .....	24
2.3 Den besøkande .....	29
2.4 Anna relevant kunnskap .....	32
2.4.1 Friluftsliv .....	32
2.4.2 Jakt, fangst og fiske .....	33
2.4.3 Tilrettelegging .....	34
2.4.4 Informasjon.....	34
2.4.4.1 Informasjon som verktøy for målstyrt forvaltning.....	34
2.4.4.2 Informasjonspunkt .....	34
2.4.4.3 Innfallsportar .....	37
2.4.4.4 Nettside.....	37
2.4.4.5 Informasjonssentera .....	37

2.4.5	Klimaendringar i Breheimen.....	38
2.4.5.1	Klimaendringar påverkar verneføremål .....	39
2.4.5.2	Klimatilpassing i Breheimen.....	39
2.5	Samanstilling og situasjonsanalyse av kunnskapen .....	40
<b>3</b>	<b>Mål og strategiske grep .....</b>	<b>43</b>
3.1	Mål med besøksforvaltinga .....	43
3.2	Strategiske grep.....	43
<b>4</b>	<b>Kommunikasjonsplan .....</b>	<b>47</b>
4.1	Bakgrunn .....	47
4.2	Mål for kommunikasjon .....	47
4.3	Målgrupper.....	47
4.3.1	Lokalbefolkninga.....	47
4.3.2	Turisten.....	48
4.3.3	Fjellvandrarar .....	48
4.3.4	Reiselivet .....	48
4.4	Bodskap.....	48
4.5	Kanalar .....	49
4.5.1	Informasjonspunkt ved innfallsportar.....	49
4.5.2	Besøksretta nettside .....	49
4.5.3	Sosiale medium .....	50
4.5.3.1	Instagram .....	50
4.5.3.2	Facebook .....	50
4.5.4	Destinasjonsselskapa sine kanalar .....	50
4.5.5	Besøkssentera.....	50
4.5.6	Brosjyrar .....	50
4.5.7	Arbeid mot pressa.....	51
4.5.8	Vegskilting/kartløysingar .....	51
4.5.9	Film og foto om parken .....	51
4.6	Korleis kommunisere med målgruppene.....	51
<b>5</b>	<b>Tiltaksplan .....</b>	<b>52</b>
<b>6</b>	<b>Kjelder .....</b>	<b>53</b>

## Samandrag

Besøksstrategien for Breheimen er ein plan for korleis nasjonalparkstyret vil gjennomføre besøksforvaltning for verneområda i Breheimen. Besøksstrategien skal vise kva tiltak som er naudsynte for å balansere verneverdiar, besøkande og lokal verdiskaping i eit verneområde, slik at ein oppnår størst mogleg nytte for alle tre interesser. Eit viktig prinsipp for besøksstrategien er at ein skal legge størst vekt på å ta vare på verneverdiane.

Dei enkelte verneområda har eigne verneforskrifter som seier noko om kva som er lov og ikkje lov i verneområdet. I tillegg til føringane i forvaltningsplanen er desse styrande for kva ein kan legge opp til i besøksstrategien.

I Breheimen kan ein oppleve alt frå frodige stølsdalar til karrig høgfjell. Plante- og dyrelivet er tilpassa eit liv i eit vêrhardt landskap og ein del artar lever heilt på yttergrensa. Villreinen er ein av artane som er tilpassa eit liv i dette landskapet og villreinen er også ein av hovudgrunnane til at områda i Breheimen er verna. Kunnskapsgrunnlaget i den nye *kvalitetsnormen for villrein* gjev godt grunnlag for å forstå utfordringane til villreinen i dag. I besøksstrategien med tilhøyrande lovverk er det eit mål å ivareta leveområda til villrein på lang sikt.

Klimaet er i endring, og desse endringane påverkar også områda rundt Breheimen. Mange av dei truga artane på Norsk raudliste er truga som følgje av klimaendringar, der mange av dei er knytt til kjøleg fjellklima som kjenneteiknar verneområda i Breheimen. Endringar som meir regn/flaum kan også påverke infrastruktur som bruer, stigar og liknande i verneområda, og må difor dimensjonerast for framtidig påverknad.

Fjella og dalane i Breheimen er fulle av spor etter folk og deira aktivitet som eksempelvis ferdsel mellom aust og vest, jakt, fangst og landbruk. Fleire av kulturminna går heilt attende til steinalderen og viser at Breheimen var viktig før i tida. I dag blir Breheimen også brukt av folk til friluftsliv, jakt, fangst og landbruk, men hovudformålet med dette er stort sett rekreasjon og opplevingar. Dei som besøker Breheimen i dag er stort sett tilfreds med det dei finn av tilrettelegging her. Hovudformålet til den besøkande er å oppleve urørt natur, stillheit og å drive med enkelt friluftsliv som vandring, jakt og fiske. Områda kring Breheimen er ikkje like mykje brukt som eksempelvis «naboen» Jotunheimen, men ein må vere forberedt på at dette kan endre seg på sikt.

Breheimen nasjonalparkstyre meiner at det ikkje bør vera noko mål å auke talet på besøkande i dei sentrale og dei mest sårbare delane av Breheimen, men heller leggje til rette for auka besøk på nokre plassar i ytterkanten av verneområdet som kan tole dette. Nasjonalparkstyret meiner at det kan vere aktuelt å vidareutvikle eit par «innfallsportar» i tråd med Miljødirektoratets nye merkevarestrategi, så lenge dette ikkje er negativt med tanke på ivaretaking av verneverdiane.

Med bakgrunn i målsetjingane for arbeidet med besøksforvaltning og kunnskapsgrunnlaget er det overordna målet med besøksstrategien i Breheimen å finne ein god balanse mellom å:

1. sikre og ivareta verneverdiane i eit 200-årsperspektiv.
2. gje gode opplevingar for dei besøkande gjennom besøkssenter, innfallsportar og digitale plattformer, samt gjennom ulik tilrettelegging der dette er naudsynt og ønskjeleg.
3. leggje til rette for at lokal berekraftig verdiskaping kan skje innanfor gjeldande regelverk.


Strategien går meir i detalj på kva som ligg i det enkelte punktet.



# 1 Innleiing

I Breheimen finn vi både nokre av dei mest nedbørsrike og dei mest nedbørsfattige områda i landet. Verneområda går frå det meir oseaniske klimaet i vest, over Langfjella, til det typiske kontinentale på austsida. Området strekkjer seg frå kring 100 moh. ved starten av Mørkriddalen til toppen av Store Hestbrepiggen på 2172 moh. Landskapet har blitt forma av isbrear, skred og andre geologiske prosessar gjennom fleire tusen år.

I dag finn ein alt frå frodige stølsdalar til karrig høgfjell og isbrear, og Breheimen framstår som ein av dei mest varierte nasjonalparkane våre. Her er eit stort spekter av naturopplevingar, landskapsopplevingar og friluftsupplevingar.



Figur 1: Kart over Breheimen nasjonalpark og dei mindre verneområda.

Besøksstrategien for verneområda i Breheimen skal søke å finne ein balanse mellom å ta vare på verneverdiane, gje gode opplevingar for besøkjande og leggje til rette for lokal verdiskaping. I planen blir det mellom anna sett på kva delar av verneområda som kan leggast til rette for auka

aktivitet, og korleis vi kan styre ferdsel utanom dei mest sårbare områda. Fleire av dagens informasjonspunkt og innfallsportar til Breheimen nasjonalpark ligg i landskapsvernområda rundt nasjonalparken. Besøksstrategien vil difor gjelde for desse områda også.

Breheimen nasjonalparkstyre vedtok prosjektplanen for arbeidet med besøksstrategi i styremøtet den 25.05.2016. Nasjonalparkforvaltninga har sidan gjennomført synfaringar, møte og henta inn relevant kunnskap i tråd med prosjektplanen. Besøksstrategien er bygd opp som eit sjølvstendig dokument som vil ligge som eit vedlegg til forvaltingsplanen. Ved neste rullering av forvaltingsplanen skal besøksstrategien innarbeidast som eit eige kapittel i planen. Sidan vedtaket om verneplan for Breheimen i 2009 har det kome mykje ny kunnskap både om verneverdiane og om dei besøkande. Besøksstrategien inneheld difor ein eigen del der kunnskapsgrunnlaget er omtala.

## 1.1. Formål

Besøksstrategien skal:

- Bidra til å ivareta verneverdiane og auke forståinga for vernet.
- Bidra til gode opplevingar for dei besøkande
- Bidra til lokal verdiskaping.

Definisjonen på besøksforvaltning er å legge til rette og styre bruken i verneområda slik at opplevinga for dei besøkande og den lokale verdiskapinga vert størst mogleg, og forståinga for vernet aukar, samstundes som ein tek vare på verneverdiane.

Besøksstrategien er ein plan for korleis nasjonalparkstyret vil gjennomføre besøksforvaltning for verneområda i Breheimen. Besøksstrategien skal vise kva tiltak som er naudsynte for å balansere verneverdiar, besøkande og lokal verdiskaping i eit verneområde, slik at ein oppnår størst mogleg nytte for alle tre interesser.

Eit viktig prinsipp for besøksstrategien er at i dei tilfelle det er motstridande målsettingar mellom ivaretaking av verneverdiane, tilrettelegging for dei besøkande og lokal verdiskaping, skal ein legge størst vekt på å ta vare på verneverdiane.

## 1.2. Kort om rammeverk

### 1.2.1. Kongeleg resolusjon

Verneplanen for Breheimen vart vedteken ved Kongeleg resolusjon (Kgl. res.) av Kongen i statsråd, 7. august 2009, og omfattar Breheimen nasjonalpark, Strynefjellet landskapsvernområde, Mysubytta landskapsvernområde, Høydalen landskapsvernområde, Mørkridsdalen landskapsvernområde, Vigdalen landskapsvernområde og Høyrokampen

naturreservat. Ved vernevedtaket vart det fastsett ei eiga forskrift og eit eige vernekart for kvart av verneområda. Honnsrøve naturreservat vart vedteke oppretta ved Kgl. res. av Kongen i statsråd, 10. juni 2005 gjennom Verneplan for barskog i Oppland. Breheimen nasjonalparkstyre overtok forvaltingsansvaret for Honnsrøve naturreservat i 2015.

Gjennom vernevedtaket er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre interesser. Kongeleg resolusjon inneheld kommentarane frå dei ulike forvaltningsnivåa til dei ulike innspela i verneplanprosessen, samt konklusjonane frå Miljøverndepartementet. Enkelte saker kan vere spesielt omtala i resolusjonen og legg såleis føringar for korleis verneforskrifta skal tolkast.

I kapittel 6.5 om *Vern og bruk* i resolusjonen framhevar Miljøverndepartementet at: *reiselivet er ei viktig næring i dei tre kommunane, men det ligger ikkje større turistanlegg innafor verneframlegget. Verneplanen kan ha ein positiv verknad for reiseliv og turisme dersom vernet vert nytta i samband med merkevarebygging av attraksjonar i området..... Det er lagt til grunn at en berekraftig utvikling av reiselivet i området ikkje må kome i konflikt med verneverdiane.*

I kapittel 6.8.5 om *Informasjon* beskriv Direktoratet for naturforvaltning (DN) følgjande: *DN sluttar seg til fylkesmennene sine synspunkt om at det er viktig å framskaffe god og heilskapleg informasjon i området. Forvaltningsmynda vil ha eit overordna ansvar for informasjon om/i verneområda, men også andre aktørar har ansvar og verdifull kompetanse med tanke på informasjonsarbeid, mellom andre Breheimsenteret og Norsk Fjellmuseum. DN støttar fylkesmennene om at Breheimsenteret og Norsk Fjellmuseum vert styrka og at det vert bygd opp informasjon om Breheimen i desse sentra. Direktoratet meiner også det er naturleg at eit større informasjonspunkt vert etablert ved ein sentral innfallsport til Breheimen i kvar kommune etter modell frå Utladalen Naturhus. Dønfoss og Fjordstova er aktuelle informasjonspunkt i Skjåk og Luster kommunar. Miljøverndepartementet støtta utsegna.*

I kapittel 6.8.6 om *Forvaltning av villrein* skriv Direktoratet for naturforvaltning bl.a.: *DN vil peike på at i høve villrein vil ferdsel i områda kunne vere ei utfordring. Ferdsel kan fortrenge villrein frå større areal, særleg i område dominert av U-dalar. Dette bør vere styrande for utviklinga av ferdsel i området, særleg i dei områda som i dag har redusert bruk av villrein. Miljøverndepartementet støtta utsegna.*

## 1.2.2. Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova er den overordna lova om forvaltning av mangfaldet i naturen. Føremålsparagrafen har eit grunnleggjande prinsipp som har verknad for besøksstrategien:

### § 1. (lovens formål)

*Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.*

I tillegg skal miljørettsprinsippa naturmangfaldlova §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved handsaming av saker etter dei spesifiserte dispensasjonsbestemmingane i verneforskrifta, og etter den generelle dispensasjonsbestemminga i § 48 i naturmangfaldlova. Kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet



og økosystemtilnærming og samla belastning (ref. naturmangfaldlova §§ 8 – 10) er viktige rettesnorar for vurdering av aktuelle tiltak og aktivitet i verneområda. I besøksstrategien er slike vurderingar og knytt opp til konkrete sårbarheitsvurderingar ved dei innfallsportane der det er vurdert som relevant.

### 1.2.3. Verneforskrifter

Alle verneområde har individuelle verneforskrifter som seier noko om kva som er lov og ikkje lov i verneområdet. Dette er dei reglane som er mest konkrete og styrande for besøksstrategien. Forskriftene legg føringar for kva aktivitetar og tiltak som kan gjennomførast i verneområda. Det er klare restriksjonar på byggetiltak og inngrep, og det er klare restriksjonar på motorferdsel. Det er også reglar for andre former for ferdsel i områda.

Verneområda i Breheimen består av 1 nasjonalpark, 5 landskapsvernområde og 2 naturreservat. Føremålsparagrafen (§ 2) i verneforskriftene legg grunnlaget for all forvaltning i nasjonalparken, landskapsvernområda og naturreservata, også besøksforvaltning. Forskriftene har også ei rekkje andre reglar som er relevante i besøksstrategien.

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å:

- *ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald*
- *ta vare på leveområde til villreinstammen i Ottadalen villreinområde*
- *ta vare på vassdragsnaturen i området*
- *ta vare på ein variasjonsriksdom i geologi med særprega geologiske førekomstar, vegetasjon og landskap*
- *ta vare på grottene i området*
- *ta vare på kulturminne.*

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.*

Rundt Breheimen nasjonalpark ligg desse verneområda:

- Mysubytta landskapsvernområde
- Høydalen landskapsvernområde
- Mørkridsdalen landskapsvernområde
- Vigdalen landskapsvernområde
- Strynefjellet landskapsvernområde
- Høyrokampen naturreservat
- Honnsrøve naturreservat

Fleire av informasjonspunkta og innfallsportane til Breheimen nasjonalpark ligg i landskapsvernområda rundt nasjonalparken. Besøksstrategien vil difor gjelde for desse områda også. Meir informasjon om verneområda og dei ulike verneforskriftene ligg her:

[www.nasjonalparkstyre.no/Breheimen](http://www.nasjonalparkstyre.no/Breheimen)

## 1.2.4. Forvaltningsplan

Forvaltningsplan for verneområda i Breheimen er eit viktig bakgrunnsdokument for besøksstrategien. Føremålet med forvaltningsplanen er å gjere forvaltninga av verneområda meir framsynt for rettshavarar og brukarar av verneområda. Samstundes er òg mål for å ta vare på natur- og kulturkvalitetane i områda, og tiltak knytt til innfallsportar og informasjon, ein viktig del av forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen veg vern mot bruk innanfor rammene av verneforskrifta. Når det er motstridande interesser mellom bruk og vern, skal brukarinteressene vike til fordel for verneføremålet. Dette følgjer av sentrale retningslinjer og føremålet med vernet, og legg føringar for arbeidet med besøksstrategien.

I forvaltningsplanen er det peikt på nokre spesielle utfordringar knytt til forvaltninga av verneområda som også vedkjem arbeidet med besøksstrategien:

- Ferdsel og slitasje i grottene i Dumdalen.
- Å balansere interessene mellom bruk og vern, særleg sett i forhold til omsynet til villrein.

Utfordringane og måla for verneområda er vidare samanfatta slik:

- Sikre verneverdiane i eit langsiktig perspektiv (200 år).
- Sikre det biologiske mangfaldet, mellom anna villreinstammen i Reinheimen - Breheimen
- Sikre eit særprega kulturlandskap i landskapsvernområda, der støls-/seterlandskap er sentralt for landskapet sin eigenart.
- Gje ålmenta moglegheiter til å utøve eit naturvenleg og enkelt friluftsliv innanfor rammene av verneforskriftene.

## 1.2.5. Vedtekter

I punkt 8.2 og 8.4 i vedtektene for Breheimen nasjonalparkstyre står følgjande om besøksforvaltning, verdiskaping og informasjon:

*«Styret kan som forvaltningsmyndighet legge til rette for at verneområdenes potensial for verdiskapning utnyttes innenfor rammen av verneforskriftene og naturmangfoldloven. Dette skal skje gjennom konkrete forvaltnings- og skjøtselstiltak, fortrinnsvis i tråd med den delen av forvaltningsplanene som omhandler besøksstrategi. Styret skal ikke opptre som næringsaktør, men bør i denne sammenhengen innlede et samarbeid med lokalt reiseliv/øvrige reiseliv, samt det autoriserte besøkssenter».*

*«Som forvaltningsmyndighet skal styret i besøksstrategien vurdere behovet for særskilte informasjonstiltak. Styret er hovedansvarlig for informasjonstiltak og skal gjennomføre dette i henhold til Miljødirektoratets merkestrategi».*

## 1.2.6. Merkevarerstrategi for Norges nasjonalparker

Merkevarestrategien for Norges nasjonalparker er en felles overordna strategi for alle nasjonalparkane, besøkssentera, nasjonalparklandsbyane og andre verneområde. Gjennom den

nye merkevara for Norges nasjonalparker skal alle aktørar få ein tydelegare felles identitet gjennom utforming av logo, skiltssystem, informasjonsplakatar, brosjyrar, nettsider osv. Alle gjennomførte tiltak skal vera i tråd med føringane i merkevarestrategien.



Figur 2: Noko av det mest sentrale i merkevarestrategien er symbolet «portalen» i alle logoane.



Figur 3: Skiltprogrammet i merkevarestrategien.

## 2 Kunnskapsgrunnlaget

Eit viktig grunnlag for utarbeiding av besøksstrategien er kunnskap om verneverdiane, reiselivsnæringa og dei besøkjande. Det er gjennomført omfattande registreringar over mange år av kulturminne, sårbare arter og hekkelokalitetar. Det føreligg oversikt over reiseliv / lokale næringsaktørar, og det er innhenta mykje kunnskap om dei besøkande gjennom besøksundersøkinga.

## 2.1 Sårbare naturverdiar

Plante- og dyrelivet er ein viktig del av vernet i Breheimen. Mange av artane ein finn her er spesialtilpassa fjellartar som er skapt for livet i eit karrig, vêrhardt landskap. Men ein finn òg artar som lever på yttergrensa av sine preferansar. Vern av eit så stort område med så store og ekstreme forskjellar i klima og vegetasjon som i Breheimen vil truleg vere av stor verdi for å sikre genetisk mangfald og verdiar som ein i dag manglar oversikt over. Stor variasjon i klima vil også gje artar høve til å migrere etter kvart som klimaendringar gjer dagens leveområde meir utfordrande.

### 2.1.1 Villrein

Verneområda i Breheimen er del av eit større leveområde for villreinen i Reinheimen – Breheimen villreinområde. Hovudføremålet med vern av nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Eit av føremåla som er spesifisert er å ta vare på leveområda til villreinstammen i Reinheimen – Breheimen villreinområde (tidlegare kalla Ottadalen villreinområde).

#### **Forvaltingsmål villrein**

Det er eit mål å ta vare på leveområde til villreinstammen i Reinheimen - Breheimen villreinområde, jf. føremålet i § 2 i forskrifta for nasjonalparken.

Noreg har eit spesielt ansvar for villreinen som art, og Reinheimen – Breheimen villreinområde er utpeikt som eit av dei nasjonale villreinområda. Det har svært mykje å seie at leveområdet for villreinen blir sikra. Breheimen representerer eit av dei aller siste europeiske villreinområda, med store areal villmark med liten grad av inngrep. Villreinområdet er det villreinarealet i Noreg med prosentvis størst urørd areal (48%).

Stammestorleiken i Breheimen har vore kring 800 vinterdyr siste åra. Ein villreinflokk på fleire hundre dyr krev mykje mat. Det marginale og ustabile livsgrunnlaget i fjellet krev at villreinen må flytte seg over store delar av leveområdet. Sommar- og vinterbeita fordeler seg over område med store skilnader i snømengd og mattilgang. Vinterbeita er ofte område med lite snø og gode førekomstar av lavbeite, medan vår- og sommarbeita er område med tidleg snøsmelting og god tilgang på frodige beite. Om sommaren går dyra spreidd over store område og om hausten etter paringstida skil dei fleste bukkane lag med fostringsflokken. Bukkeflokkane trekkjer til ytterkantane av leveområdet på grøntbeitetrek om våren. I kalvingstida trekker fostringsflokkane til område med lite ferdsel.

Villreinen treng såleis store samanhengande fjellområde. Villreinen brukar også store areal i samband med flytting mellom ulike årstidsbeite og kalvingsområda. I Breheimen går trekkvegane på tvers av dalføra og fell dels saman med merka turløyper i området. Det er difor viktig at forvaltninga har eit langsiktig perspektiv, då dyra gjerne også endrar trekkmønster over tid.


Erfaringsvis brukar villreinen eit beiteområde nokre år, for så å veksle til eit anna område, og på den måten går bruken av områda i syklusar. Villreinen treng altså store område for å kunne utnytte beite, og er heilt avhengig av å kunne bevege seg uforstyrra mellom dei ulike områda, både gjennom året, men også gjennom årvisse flyttingar (syklusar).

For å ta vare på villrein må ein også sjå forvaltinga i lys av klimaendringane. Dersom dei varme somrane med kraftig nedsmelting av brear og snøfenner held fram, vil breområda i Breheimen vera svært verdifulle som leveområde for villreinen. Sjølv om villrein ikkje nyttar områda lengst i vest i dag, er det likevel viktig å ta vare på alle trekkveggar slik at dyra kan veksle mellom gode sommarbeite i vest nær breane og vinterbeita i aust. Villrein har til all tid veksle mellom vinter og sommarbeite, og for å ta vare på arten i eit lengre perspektiv, må ein leggja forholda til rette slik at reinen fritt kan veksle mellom tilgjengelege leve- og beiteområde .

Den sørlege delen av Breheimen nasjonalpark er i dag barmarksbeite for villrein. Om vinteren trekker villreinen ut på tangane i aust der det er mindre nedbør. Områda elles er stort sett brukt som heilårsbeite. Delar av dette arealet er også kalvingsområde. I kalvingstida om våren, er reinen spesielt sårbar for forstyring. Sett i ljøs av dagens bruk, så ligg mange av leveområda i randsonene og det er difor viktig å unngå for stor tilrettelegging her. Det er viktig å sjå på den samla belastninga.

Breheimen sett under eitt har ikkje mange fysiske inngrep. Det er store villmarksareal, nesten frie for inngrep. Dei største inngrepsfrie areala ligg i nasjonalparken, og for det meste i høgareliggjande område. I eit så stort område vil det ferdast folk, og det må vera infrastruktur som tillèt verdiskaping. Det vil såleis vera aktivitetar av ymse slag. Det er store område med lite forstyring og låge tal på besøkande som kjenneteiknar Breheimen. Merka stinett er meir utvikla i vestområda, der områdebruken til villreinen er mindre, enn lenger aust. Ferdsla har vore på eit akseptabelt nivå, og for det meste ligg den innanfor 3-30 personar per. dag eller lågare. Dette er rekna som ei akseptabel tolegrense for villrein i undersøkingar gjort i Rondane, Snøhetta og Nordfjella om villreinen sin arealbruk. Det gjeld alle stiar over skoggrensa i vestområda. Dei stiane som har størst ferdslar i sumarsesongen der det er villreintrekk er stien Sota – Tverrådalskyrkja og Heillstuguvassosen – Åfåttjønn (NINA rapport 1349 om brukarane av Breheimen NP). Sjølv på desse strekningane er ferdsla svært sjeldan oppe i 30 personar per dag.

Regional plan for Ottadalsområdet for perioden 2016-2026 vart i 2016 vedteke av fylkeskommunane i Oppland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Hovudmålet med planen var å sikre villreinen i Ottadalsområdet store nok område for at stamma framleis skal kunne vera levedyktig i framtida, samt å sikre moglegheiter for utveksling til andre villreinområde. I arbeidet med planen vart det kartlagt 4 fokusområde i Breheimen med brukarkonfliktar, spesielt sett i høve ferdslar og villrein. På oppdrag frå Miljødirektoratet publiserte Norsk institutt for naturforskning i 2022 kvalitetsnormen for villrein. Her er det gjort ei samla vurdering av bestandsforhold, lavbeite og leveområde, og menneskeleg påverknad i dei 10 nasjonale villreinområda i landet. Ingen av dei 10 nasjonale villreinområda vart klassifisert til god kvalitet (grøn farge). 4 av dei nasjonale områda, deriblant Reinheimen-Breheimen villreinområde, oppfyller per nå minstemålet for middels kvalitet (gul farge). Dei 6 andre områda vart klassifisert til dårleg kvalitet (raud farge). Sjå kart nedanfor.



Figur 4: Klassifisering av dei nasjonale villreinområda i Noreg. Kart: [www.nina.no](http://www.nina.no)

I arbeidet med kvalitetsnormen er det sett på dei same 4 fokusområda som er trekt fram i den regionale planen, men i denne prosessen vart det også peikt på to nye område i Breheimen. Viktige moment og utdrag frå dei enkelte fokusområda i kvalitetsnormen og den regionale planen er som følgjer:

- Fokusområde Grotli – Breiddalen.
  - Frå regional plan: «*Dette er eit område som villreinen i dag brukar hovudsakleg i sommarbeiteperioden frå april til slutten av oktober. Enkelte år er det også kalving nær vegen i Breiddalen mot Langvasskrysset. Området er viktig som ein korridor for utveksling av dyr mellom nord- og sørområdet (saman med fokusområde Strynefjellet/ Tystigen). Dette området har vore utsett for stor menneskeleg påverknad. Rv 15 gjennom Breiddalen er heilårsveg med aukande trafikk og stor andel tungtrafikk. Breiddalsvatnet er regulert. Det vil vere over 300 hytter i området når regulerte hyttefelt er ferdig utbygde. Ved Grotli Høgfjellshotell er det skitrekk og mykje brukte skiområde både nordover og sørover*».
  - Frå kvalitetsnormen:
    - Riksveg 15 over Strynefjellet fungerer som ei trekkhindring for villreinen og bruken av trekkvegen over Breiddalen er redusert dei siste 15 åra. Dei 2 siste åra har derimot villreinen trekt over Breiddalen og brukt områda nord for riksveg 15 til vinterbeite. Kva som påverknadsfaktoren her er usikkert.
    - Både biltrafikk og menneskeleg ferdsel i området har auka betrakteleg dei siste åra.



- Trekkvegen vest for Breiddalsvatnet er spesielt viktig for at det skal vere mogleg å oppretthalde utveksling mellom delbestandane i Reinheimen og Breheimen.
- Fokusområde Strynefjellet – Tystigen.
  - Frå regional plan: «*Dette området ligg nær fokusområde 4 Grotli – Breiddalen og villreinen brukar det i daghovudsakleg til sommararbeite frå april til slutten av oktober. Gamle Strynefjellsvegen som fekk status som nasjonal turistveg i 2005 går i dette området. Vegen er ope i sommarsesongen frå om lag midten av juni og ut september, og det er ein del camping langs vegen. Tystigbreen vart teken i bruk til sommarskiaktivitet på slutten av 1960-talet. Alpint har vore hovudaktiviteten, og dette anlegget har hatt stolheis sidan 1986. Det har også vore køyrd opp løyper til langrenn på Tystigbreen. I 2009 vart det gjeve løyve til helikopterlanding ved serviceanlegget ved Strynefjellsvegen med innflyging frå vest*».
  - Frå kvalitetsnormen:
    - Det er merka turstiar og skiløyper som genererer ferdsel inn i området. Ferdsel fører til at villreinen delvis skyr området innover mot Heilstuguvatnet. Det blir arbeid med å kanalisere løypekjøring til under tregrensa i området. Aktivitet ved sommerskisenteret kan også føre til at villreinen skyr områdene i periodar.
    - Det er usikkerheit om kva grad villreinens bruk av trekkvegane er redusert, men villreinens bruk av den austlege trekkvegen frå Langvasseggen er meir redusert enn dei to andre som går gjennom fokusområdet. Det er viktig at desse blir ivareteke og det bør difor ikkje setjast opp installasjonar langs vegen som kan føre til auka forstyring.
    - Trekkvegane her er viktige for at det skal vere mogleg å oppretthalde utveksling mellom delbestandane i Reinheimen og Breheimen.

Både dei to fokusområda ovanfor er påverka med bakgrunn i at Grotliområdet genererer mange besøkande frå hytter og turistbedrifter. Ein annan viktig faktor her er gamle Strynefjellsvegen (nasjonal turistveg) som generer mykje trafikk inn i Strynefjellet landskapsvernområde. Dette er eit viktig trekkområde for utveksling mellom nord- og sørområdet. Området er også brukt som kalvingsområde og behovet for kanalisering av ferdsel er høgt. Stryn sommerski brukar området lengst vest i mai/juni. Til denne drifta er det knytt ein del motorisert ferdsel seinvinter/vår.

- Fokusområde Lomseggen.
  - Frå regional plan: «*Dette er grenseområdet mellom Ottadalen villreinområde og området for tamreindrif som Lom tamreinlag har konsesjon på. Heile det avmerkte fokusområdet ligg innafor Breheimen nasjonalpark. Lom tamreinlag brukar dette området som vinterbeite i perioden frå februar til byrjinga av april, mens villrein normalt trekker inn mot grenseområdet i byrjinga av april og blir der til ut i september. Det har vore episodar der tamrein har trekt over i villreinområdet, tilsvarande har mindre villreinflokkar beita i tamreinområdet. Dette har ført til*

*gnissingar mellom villrein- og tamreininteressene. Ein episode enda i 2009 opp i Forliksrådet, og partane vart da samde om å halde seg heilt til ei intern varslingsavtale som vart skrivne allereie i 1984. Det vart også lagt vekt på å halde ein open dialog i framtida».*

- Frå kvalitetsnormen:
  - Utfordringane i dette området er knytt til overlappande arealbruk mellom tamrein og villrein. Arealet er brukt som vinterbeite for tamrein (under konsesjon), men også villreinen søkjer hit i vinterhalvåret og beiter fram til brunsten i september. Det er ei utfordring å halde villrein og tamrein åtskilt i periodar om vinteren.

Her er det fokus på problematikken mellom tamrein og villrein. Lom tamreinlag brukar området frå januar – april kvart år. Det er liten konflikt med ferdsel i området slik bruken er i dag. Området er brukt til toppturar om vinteren og om sumaren. Lomseggen er eit populært dagsturmål frå Lom sentrum. Ferdsla blir vurdert til å liggje på eit akseptabelt nivå i dag.

- Fokusområde Vest-Jotunheimen/Sognefjellet.

- Frå regional plan: «*Vest-Jotunheimen var tidlegare ein del av Ottadalen villreinområde, men vart i 1981 utskilt som eige villreinområde. Fleire trekkveggar mellom desse områda er framleis urørte, og det er viktig å oppretthalde ein korridor som gjer det mogleg for rein å veksle mellom områda i framtida. Aust i området, nord for Prestesteinsvatnet, er eit regionalt viktig område forsommarskiaktivitet med løypekøyning for langrenn i perioden mai-oktober».*
- Frå kvalitetsnormen:
  - Vest-Jotunheimen grensar til Reinheimen-Breheimen i sør-øst og det førekjem utveksling mellom villreinområda. Sjølv om ein del av dei tidlegare trekkvegane har gått ut av bruk, er det likevel éin funksjonell korridor som blir nytta framleis. Det er viktig at denne passasjen blir oppretthalde sidan det er eit ønske om utveksling mellom villreinområda.
  - Konfliktpotensialet her er merka turstiar og oppkøyning av skiløyper knytt til Sognefjellshytta. Det er også anleggsvegar, kraftmagasin og tamreindrift i nærområdet som kan gjere det utfordrande å oppretthalde trekkpassasjen mellom områdene.

Dette er eit tidlegare trekkområde i Luster og Lom kommune og ligg mellom Turtagrø og Krossbu. Her er det påpeikt av villreinorgana at det er viktig å halde ope korridoren mellom Vest-Jotunheimen og Breheimen. Det er viktig å unngå for mykje ferdsle i området og tilrettelegging av nye stiar.


- Fokusområde Framrusti.

- Frå kvalitetsnormen:
  - Nytt fokusområde aust for Rauddalsvatnet som har tilførsel av trafikk frå to vegar som går inn i området.

- Viktig trekkveg mellom Rauddalsdammen og Framrustsætra frå Dyringshøi og vidare inn til Framrusthovden. Det er i hovudsak bukk som bruker denne passasjen. Trekket er intakt i dag, og bukkane brukar passasjen regelmessig. Bukkane vegrar seg for å trekke i dei mest aktive periodane med menneskeleg aktivitet, men dei trekker over så snart det er roleg i området.
- Fokusområde Sota seter.
  - Frå kvalitetsnormen:
    - Nytt fokusområde ved Liavatnet i Skjåk kommune.
    - Aktiviteten ved Sota sæter kan påverke trekkvegen frå Sekken og over dalen til Sotflyi, og med det også trekket forbi Illvatnet og arealbruken sørover inn i Luster kommune. Aktiviteten ved Sota sæter har tidlegare vore sesongbasert, men i dag er det heilårsdrift med organiserte turar både sommar og vinter. Ved Liavatnet er det også eit hytteområde. Trafikken av folk er for det meste konsentrert mot Tverrådalen og Tverrådalskyrkja.
    - Trekket er ikkje sterkt påverka i dag, men det bør følgjast med på.

I tillegg til fokusområda ovanfor er det i kvalitetsnormen sett på området frå Kamperhamrane i vest til Rauddalsvatnet i aust. Her går det ei kulturhistorisk vandrerute med DNT-sti og to DNT-hytter i og langs dalen som genererer ferdsel. Det er viktig å følgje med på utviklinga her framover i og med at dette er kjerneområde for sør-vest stammen i Breheimen i barmarksperioden.

Problemstillingane som er presentert ovanfor gjer det nødvendig å vera føre-var når det gjeld villreinen i Breheimen. Sjølv om det er store villmarksareal, lite tilrettelegging og forholdsvis lite ferdsel i Breheimen i dag, er det lite som skal til før ein kan oppleva at eitt eller fleire av fokusområda kan bli meir negativt påverka på sikt.



Figur 5: Kart viser trekkveg, kalvingsområde og beiteområde. I tillegg viser kartet fokusområda som er definert i regional plan for Ottadalsområdet og kvalitetsnormen for villrein. Kart Innlandsgis.

## 2.1.2 Fugl

Freda rovfugl er registrert fleire plassar i verneområdet. Desse registreringane er ikkje offentlege opplysningar. I forbindelse med utarbeiding av besøksstrategi for Breheimen nasjonalpark var det behov for ei oversikt over sårbare områder for fuglelivet. Kistefos Skogtjenester har i 2018 laga ein rapport som skildrar og avgrensar slike lokalitetar. Det er i rapporten vektlagt omsynet til sårbare rovfuglar/ugler samt våtmarksfugl. Det andre fuglelivet i nasjonalparken blir vurdert til å ikkje bli negativt påverka av den ferdselen og tilrettelegginga som er i dag.

Kistefos Skogtjenester sin rapport peikar blant anna på at ulike fugleartar har ulik toleranse for forstyrningar. Areal innanfor artars leveområde har skiftande funksjon gjennom året, og artens sårbarheit vil variere i samsvar med dette. Forstyrningar vil ha ulik effekt i et hekke-yngeområde, oppvekstområde, trekkveg, rasteplass, beiteområde og så vidare. Fuglane er spesielt utsett i hekkesesongen, når egg og ungar krev mat, varme og beskyttelse. For nokre område vil eksempelvis ferdsel vinterstid vera uproblematisk (gjeld til dømes våtmarksområda), mens andre lokalitetar kan vere sårbare frå etableringsfasa i februar til ungane forlèt reiret i juli (som til dømes hekkeområde for kongeørn).

Detaljerte opplysningar om den enkelte lokalitet er sensitiv informasjon som er unntatt frå offentlegheita. Innanfor og i nær tilknytning til nasjonalparken har vi en rekke viktige hekkelokaliteter for både våtmarksfugl og rovfugl. I Kistefos sin rapport er desse vist som 23 sårbarheitssoner.

Art	Tal sårbarheitssoner	Robust	Nokså sårbar	Sårbar	Sensitiv i perioden
Kongeørn	6	1	2	3	1. feb. - 1. aug.
Jaktfalk	4	4		0	1. feb. – 1. juli
Hubro	5	3		2	1. feb. – 1. juli
Kongeørn, hubro, jaktfalk	1	0		1	
Våtmark	7	4	3		20. mai – 15. aug.
Sum	23	12	5	6	

Figur 6: Tabell ovanfor viser kartlagde sårbarheitssoner i Breheimen nasjonalpark og tilhøyrande verneområde, fordelt på sårbarheitsgrad.

Rapporten peikar også på at ulike typar ferdsel kan utgjere ein forstyrrande faktor for sårbart fugleliv. Denne ferdselen kan vere knytt til turisme/rekreasjon, forvaltningsoppdrag eller utøving av næring. Vidare blir det skildra at ei spesielt sårbar periode for fleire av rovfuglartane er i etableringsfasen på ettervinter/tidleg vår. Dette er ein periode som også omfattar påska, og solvendte lokalitetar vil ofte vere attraktive rasteplassar for skituristar. Samstundes vil små og større bergvegger på slike plassar vere svært viktige, og ofte helt avgjerande, reirlokaltetar for blant anna kongeørn og jaktfalk. Desse lokalitetane har eit gunstig lokalklima, og er tidleg frie for snø slik at dei kan takast i bruk av artar som startar hekkesesongen tidleg. Utanom den tradisjonelle påskeutfarten er det på ettervinter/ vår også aktivitet knytt til mellom anna

transportoppdrag til hytter, sporing av rovdyr og fjellskigåing. Samla sett er difor potensialet for uheldig forstyrringar av sårbare artar til stades, og det er ei viktig oppgåve å minimalisere denne sumbelastninga.

Rapporten beskriv vidare at når barmarksperioda startar endrar aktivitetane karakter, og fotturistar og fiskarar vil vere dei dominerande brukargruppene. Denne ferdselen er relativt føreseieleg, og er i stor utstrekning knytt til merka sti og tilgjengelege vassdrag. Etablering av stiar, bålpassar, teltplassar og informasjon om turmoglegheitene vil difor bidra til å styre denne typen ferdsel. Samstundes vil flytting/ending av etablert tilrettelegging kunne avlaste lokalitetar som i dag er negativt påverka (hekkeplassar for rovfugl eller sårbare våtmarksområder). Forvaltninga må likevel vera merksam på nye aktivitetar som klatring og tilrettelegging for opplevingar i nærleiken av reirområde for rovfugl.

### 2.1.3 Kulturminne

I verneområda i Breheimen finst ei rekke kulturminne, frå så langt attende som steinalderen. Mange av kulturminna daterer seg fleire tusen år tilbake og dei er difor automatisk freda etter kulturminnelova. I forvaltningsplan er det sett følgjande forvaltningsmål:

#### **Forvaltningsmål kulturminne**

Det er eit mål å sikre verdifulle kulturminne i Breheimen, jf. formålet i § 2 i forskriftene for nasjonalparken og landskapsvernområda. Breheimen nasjonalpark har ein 0-visjon for tap av kulturminne og kulturhistoriske kvalitetar innan 2020.

Dagens bygningar og gamle kulturminne syner historisk bruk av områda, og målet er at desse skal bli tekne vare på, mellom anna for å gje besøkande eit innsyn i bruken av verneområda. Sikring av kulturminne skal skje i nært samarbeid med kulturminnestyremaktene.

Kulturminne har ein verdi både ut ifrå alder, kulturhistorie og som arkitektonisk objekt. Kulturminne er kjelde til kunnskap om tidlegare bruk, og kan vera identitetsskapande både nasjonalt og lokalt. For folk som besøker verneområda vil opplevingsverdien av kulturminnet vere mest sentral, og vekke undring og ettertanke. Dette kan forsterkast gjennom god formidling.

I mange tilfelle vil kulturminne vera knytt til naturverdiar, og i verneforskriftene for nasjonalparken og landskapsvernområda i Breheimen er det å ta vare på kulturminne ein del av verneformåla.

Ein kan dele dei faste kulturminna i Breheimen inn i tre hovudkategoriar:

- Kulturminne knytt til jakt- og fangstkulturen, spesielt reinsfangsten
- Kulturminne knytt til ferdsla mellom fjordbygdene i vest og fjellbygdene i aust
- Kulturminne knytt til landbruket sin arealbruk som seter- og stølsdrift, og beiting

I samband med villreinfangsten har det vore laga ei rekkje fangstanlegg i fjellet i Breheimen. Dei siste åra har stadig fleire objekt smelta fram ved breane i området. Status i 2021 var at kring 3500

funn er samla inn i Innlandet fylke, noko som utgjer om lag halvparten av verdas brerelaterte funn. Det er nå 16 kjente funnstader ved snøfenner og brear i eller nær Breheimen nasjonalpark. Nokre av brefunna kan ein sjå i utstillinga ved Norsk Fjellsenter i Lom. I tillegg er det dyregraver og bågåstø over tregrensa i store delar av verneområdet, samt andre enkeltlokalitetar av ymse slag.

Ferdselsaktiviteten er godt dokumentert gjennom ferdselsvegane, og det er eit rikt kjeldemateriale som fortel om bruken gjennom tidene heilt frå 1400-talet og fram til slutten av 1800-talet, då nye vegar vart bygd. Ein del av dei gamle ferdselsvegane vart teke i bruk av det moderne friluftslivet frå midten av 1800-talet.

Stølsdrifta og beitebruken har vore intensiv i fjelldalane heilt fram til ny tid. No er bruken mindre og det er vanskeleg å halde oppe aktivt beite i fleire område. Tradisjonane kring landbruket sin bruk av verneområda er god, og spesielt god i Mørkridsdalen. Der er det innsamla mykje tradisjonsstoff gjennom MONA-prosjektet om Mennesket og naturarven.

Kulturminna i den delen av Breheimen som ligg i Innlandet er godt dokumentert. Dei siste åra er kulturminna i dei vestlege delane av Breheimen også kartlagd. I samband med verneplanarbeidet vart det av firmaet Asplan Viak utarbeidd ei konsekvensutgreiing for kulturminne og kulturmiljø for Breheimen (2008). I forvaltingsplanen er det nedfelt at det skal utarbeidast ein kulturminneplan med sårbarheitsvurdering, men dette har ikkje blitt gjort enda. Ein meiner likevel at ein har rimeleg god oversikt over dei kulturminna som finst når registreringane blir ferdige i verneområda i Luster kommune.

Kulturminne har fleire verdiar som skal takast vare på og forvaltast etter både naturmangfaldlova og kulturminnelova. For mange kulturminne er den største trugselen slitasje. Det er difor viktig at ein vurderer tilstanden og fare for forringing ved nye tiltak og tilrettelegging:

- Ein bør unngå å leggje ferdsel til område der kulturminne kan ta skade. Ved stor nedsmelting av breane er det mange lause kulturminne som blir liggande oppe til ved brekantane. Ein bør unngå ferdsle ved desse lokalitetane frå august til snøen fell.
- Leggje om stiar som går innanfor sikringssona på 5 meter frå kulturminne når det er fare for slitasje som kan forringe kulturminnet.
- Tiltak for å hindre ny vardebygging som kan skade kulturminne.

#### **2.1.4 Geologi – Grottene i Dumdalen**

Grottene i Dumdalen er dei største som er kjende i Sør-Noreg. Dei utgjer relativt store elvegrotter, og store, tørrlagde trykkleidningar som inneheld erosjonsformer og sedimentavsetningar frå siste eller tidlegare istider. Det finst få kalksteinsgrotter i Sør-Noreg, og Dumdalsgrottene er eit døme på istidsgrotter som vi elles berre finn i Nord-Noreg. Dei er mykje nytta, og av stor verdi for ekskursjonar og grotteforskning. Det er også andre grotter/karstførekomstar i nærleiken, og desse er dei høgastliggjande i Skandinavia. Dei siste femten åra har Dumdalsgrottene opplevd stor slitasje frå menneskeleg bruk, særleg knytt til turisme. Det gjeld heile naturtypen men først og fremst dei større grottene. Det er spesielle forvaltingsmessige utfordringar knytt til grottene i Dumdalen i nasjonalparken, jf., kap. 3.2 i forvaltingsplan for verneområda i Breheimen.



Det er ein del guida turar og anna organisert ferdsel i grottene i Dumdalen. Ulike skular nyttar verneområda i si formidling der grottene er eit attraktivt turmål. I tillegg er det ein del som nyttar grottene på eiga hand. Det er registrert negative konsekvensar frå ferdsel i grottene, som slitasje, strukturendring etter skidding, tagging/riping og sot frå bålbreining.

Grottene i Dumdalen ligg i nasjonalparken og det gjev desse førekomstane eit strengt vern. I verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark er grottene ein del av verneføremålet. Det gjer grottene til ein del av sjølve grunnlaget for vernet. I ein nasjonalpark skal ingen varig påverknad av naturmiljø eller kulturmiljø finne stad. Skal det skje, er det ein føresetnad at det det skjer for å ta vare på verneføremålet. Ferdsel til fots i samsvar med friluftsløva er tillate, men kan regulerast i bestemte området for å ta vare på verneverdiane, mellom anna geologiske førekomstar som grottene i Dumdalen. I forvaltningsplanen for Breheimen er det vurdert at organisert turverksemd kan skade verneverdiane i desse grottene. Det vil seie at all organisert ferdsel til grottene må søkjast om og krev løyve frå nasjonalparkstyret.

Hausten 2022 vart det gjennomført ei kartlegging av Dumdalsgrottene der målet var å sjå på utviklinga i grottene etter at området vart verna som nasjonalpark i 2009. Oppdraget gjekk ut på å evaluere dagens tilstand av dei mest besøkte grottene, og å gje råd om vidare oppfølging. Oppdraget vart gjort av Speleoconsult AS v/ Stein-Erik Lauritzen og resulterte i ein rapport som skildrar situasjonen.

I rapporten kjem det fram at hovudintrykket av Dumdalsgrottene sidan tidlegare synfaring er at søppel, restar av tau, stiar, etc. er fjerna. I tillegg er det ikkje lenger like lett å sjå tagging/riping på dei plassane det var mykje av dette tidlegare. Bakgrunnen for dette er at Statens naturoppsyn rydda grottene for denne type installasjonar i 2018 på oppdrag frå nasjonalparkstyret.


Når det gjeld slitasje og påverknad etter ferdsel i dei mest brukte grottene er det store variasjonar i funna i rapporten. Alt frå grotter som er tilnærma urørt, til grotter med stor og irreversibel slitasje i minst 50-100% av det tilgjengelege arealet i grotta. Nedanfor er det ei oversikt over slitasjegraden i dei enkelte grottene.

Grotte	Slitasjegrad	Kommentar
<i>Dummbrua</i>	1A	<i>Lite besøkt, vanskelig å entre, de fleste går forbi.</i>
<i>Nedre Elvegrotte</i>	(2-3)B	<i>Brukes mye, gjennomgangsgrotte.</i>
<i>Tørrgrotta</i>	3C	<i>Gjennomgangsgrotte, brukes mest og er mest nedslitt.</i>
<i>Øvre Elvegrotte</i>	(2-3)B	<i>Brukes mye, gjennomgangsgrotte.</i>
<i>Jotunhallen</i>	2A	<i>Regenerert siden forrige inspeksjon.</i>
<i>Sveitserosten</i>	1A	<i>Lite brukt og i hovedsak oversett.</i>
<i>Spiralgrotta</i>	3C	<i>Mest slitt av alle grottene. På grunn av bløt og homogen kalkstein er slitasjen mer synlig enn i Tørrgrotta.</i>
<i>Dummhølet</i>	(1-2) B	<i>Noe slitasje, regenerering fra rennende vann og fukt.</i>

Figur 7: Tabellen ovanfor viser slitasjegraden i dei mest brukte grottene i Dumdalen. Tabell: Speleoconsult AS ved Stein-Erik Lauritzen

Forklaring: | **Slitasjegrad 1:** Urørt. **Slitasjegrad 2:** Beskjedne merker etter ferdsel. **Slitasjegrad 3:** Stor og irreversibel slitasje.

Kor stor andel av det tilgjengelege arealet i grotta er påverka? (Uttrykt i %, eller med bokstavkode **A**: opp til ca. 10 % av tilgjengeleg areal i grotta. **B**: opp til ca. 50% av tilgjengeleg areal i grotta. **C**: 50- 100% av tilgjengeleg areal i grotta.



*Figur 8: Bileta viser stor slitasje på strømskålene på golvet i Spiralgrotta.  
Foto: Speleoconsult AS v/ Stein-Erik Lauritzen.*



*Figur 9: Informasjonstavle i Dumdalen som var sett opp hausten 2021. Plakaten inneheld ferdselsreglar og informasjon om søknadsplikt for organisert ferdsel. Foto: Stein Grevrusten*

Grottene i Dumdalen er svært sårbare for skade og øydelegging, noko også rapporten frå Speleoconsult AS viser. Rapporten tek også for seg forslag til tiltak og overvaking i tida framover. Det vises i denne samanhengen til rapporten frå Speleoconsult AS og til side 72-73 i forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen.

### **2.1.5 Kulturlandskapet**

Kulturlandskapet er ein viktig verneverdi i landskapsvernområda rundt nasjonalparken. Fleire av landskapsvernområda fungerer som innfallsporar til nasjonalparken og har stor betydning for opplevinga av området. Aktiv landbruksdrift og skjøtsel av landskapsvernområda er viktig for å oppretthalde kulturlandskapet. Oppfølging av dei ulike skjøtelsplanane vil difor bli viktig i åra framover.

### **2.1.6 Vegetasjon- og terrengslitasje**

Delar av det merka- og umerka stinettet i Breheimen ligg i område med slitesvak vegetasjon, særleg i blaute myrområde, stiar som kryssar/er lagt langs bekkar og elvar, og i område med bratt stigning og som difor er erosjonsutsette. Langs hovudstinettet i verneområda er det difor strekningar som har stor slitasje på vegetasjon i form av trakkskadar og stader er det erosjonsskader. Somme stader er trakkskader frå beitedyr ei stor utfordring, medan andre stader har «spreidd» ferdsel ført til at det er etablert fleire stiar i eitt og same område.

Eitt av måla er å sikre store urørde leveområde for villreinen, kombinert med at eksisterande sti- og skiløypenett i størst mogleg grad blir oppretthalde. Det er såleis eit mål at dei godkjende stiane i forvaltningsplanen skal vere godt vedlikehaldne og tilrettelagde, både gjennom god merking og ved hjelp av gode bruer der dette er naudsynt. Dette arbeidet vert gjort i samarbeid med både grunneigarar, grunneigarlag, sameige, felleseige, idrettslag, DNT og reiselivsnæringa. Merking som ikkje er i tråd med forvaltningsplanen blir fjerna.

Sidan verneområda i Breheimen vart oppretta har det vore gjennomført ei rekkje tiltak for å unngå skade på vegetasjon og terreng, og for å styre ferdsla utanom sårbare område. Dette gjeld mellom anna legging av gangbaner i Dumdalen, på Dulsete og ved Sota, steinlegging i innfallsport i Vigdalen, omlegging av sti og legging av stein i stien aust for Knivabakkgerdet, muring av trapp og steinlegging i Smithburåket. Stien Mysubytta til Slæom er blaut fleire stader og det er lagt klopper enkelte stader.

Slitasje på grunn av beitedyr er ei utfordring etter delar av stien i hovuddalføret i Mørkridsdalen, dette gjeld særleg strekningen frå Hødnevollen – Dalen. Delar av strekninga har allereie vorte utbetra siste åra, og her må ein følgje med på utviklinga og vere budd på at det kan verte behov for ytterlegare tiltak. Her er slitasjeskadar frå beitedyra ei større utfordring enn slitasje frå menneskeleg ferdsle per i dag. Ved Heillstuguvassosen er det etablert nye stiar gjennom stor ferdsel i området.

Turstien frå Mørkrid (Jervane) til Osen – Åsete – Fast går forbi Drivandefossen. I området ved Drivandefossen finn ein den trua/sårbare naturtypen fossesprøytsone som har nasjonal verdi. I følgje naturbase har lokaliteten landets største førekomst av den raudlista arten fossegrimemose. Denne arten veks innanfor ei sone på 100 - 150 meter på nordsida av fossen, kring 250-300 moh., både på steinar/berg og på bakken. Stien til Osen, Åsete og Fast går gjennom fosseenga. I dag ser ein ikkje at ferdsla i området er til skade for naturverdiane i dette området, men med auka ferdsel vil stien i større grad kunne bli utsett for slitasje sidan ein ferdast i eit område med høg tilførsel av fukt/fosserøyk.

Også fleire stiar som er mykje nytta av lokale turgåarar er utsett for erosjon. Døme på dette er stien frå parkeringsplassen i Fagredalen og til Holmevatnet, og delar av stien frå parkeringsplassen i Vanddalen som går i retning Myrhyrna. I Lundadalen på strekninga Heimaste Lunddalssetra til Ytste Lunddalssetra er det erosjon i Ærsbakkane og utskliding av masse i stien ved Ytste Reset. Også stien via Smithbue mot Lomseggen er sterkt utsett for erosjon i dei nedste partia. Stien Mysubytta – Sprongdalshytta har også fleire blaute parti.

Sjå også forvaltningsmål for friluftsliv i kapittel 2.4.1.

## 2.2 Reiselivet


Breheimen nasjonalpark med tilhøyrande verneområde ligg omkransa av tre andre nasjonalparker; Jostedalsbreen nasjonalpark, Jotunheimen nasjonalpark og Reinheimen nasjonalpark. Det er eit aktivt reiseliv rundt heile parken. Reiselivet i Breheimen har sitt opphav heilt tilbake til fyrst på 1800-talet. Det var byfolk frå Christiania, engelskmenn og tyskarar som var det ein kan kalla dei fyrste turistane. Dei var opptekne av tindebestiging, villreinjakt og brevandering.

Nasjonalparker og verna naturområde er eit kvalitetsteikn. Både for norske og utanlandske reisande er natur og naturopplevingar av dei største attraksjonane. Nasjonalparker er eit internasjonalt kjent omgrep som reiselivet har nytta i marknadsføring i årtider. Reiselivet er viktig for mange lokalsamfunn gjennom sysselsetting og verdiskaping. Den tette koplinga mellom natur og reiseliv gjer at forvaltninga aktivt må vere involvert i reiselivsutviklinga knytta til verneområda, for å sikre gode opplevingar og verdiskaping som ikkje er med å forringe naturverdiane og verneformål.

Reiselivet kring verneområda i Breheimen er organisert frå dei einskilde føretaka, via regionale og fylkesvise destinasjonsselskap til Visit Norway. I tillegg er kommunar og fylkeskommunar viktige utviklingsaktørar og tilretteleggjarar. Gjennom ulike kanalar har særleg destinasjonsselskapa eit stort internasjonalt nedslagsfelt. Mykje av marknadskommunikasjonen i reiselivet er attraksjonar og opplevingar som er oppnåeleg for mange, og dette går ofte føre seg i randsona av verneområda.

I dag er det ei sterk satsing på reiseliv på alle kantar av Breheimen, men denne er fragmentert i geografisk delte reiselivsregionar i Indre Sogn, Gudbrandsdalen og Nordfjord/Sunnmøre. Dei store sentrale aktørane med tilknytning til Breheimen er Visit Sognefjord, Visit Jotunheimen og Nasjonalparkriket Reiseliv. Organa arbeider for å få til eit samordna reiseliv i sin region.





Figur 10: Reiselivsorganisasjonar og større aktørar som marknadsfører aktivitetar i Breheimen nasjonalpark.

Ein gjennomgang av dei tre reiselivsorganisasjonane i området viser kva slags medlemsbedrifter som tilbyr ulike aktivitetar i Breheimen i tabellen nedanfor. Mange andre av overnattingsbedriftene reklamerer også med tilbod om aktivitetar på sine heimesider, men dei fleste brukar tenester frå aktivitetsselskapa til dette.

Bedrifter med aktivitet i tilknytning til verneområdet		
Firma	Aktivitetar	Bruk av verneområdet
<b>Medlem Visit Jotunheimen</b>		
Aktiv i Lom AS	Brevandring, grotteturar, toppturar vinter og sumar i Jotunheimen.	Grotteturar i Dumdalen
Fyrst og Fremst	Brevandring, grotteturar, toppturar vinter og sumar i Jotunheimen.	Grotteturar i Dumdalen
Brimi Eventyr	Arrangerer ulike aktivitetar og matopplevingar.	Grotteturar i Dumdalen
Elveseter AS	Overnatting og aktivitetar.	Grotteturar i Dumdalen
Fjelleventyret	Ski- og fotturar, fiske, kløving, jakt.	Guida jakt/fiske og kløving.
Krossbu Turisthytte	Overnatting og aktivitetar.	Grotteturar i Dumdalen
Leirvassbu AS	Overnatting og aktivitetar.	Grotteturar i Dumdalen
Naturopplevingar AS	Utleige av utstyr og guiding	Toppturar
Sognefjellshytta AS	Overnatting og aktivitetar.	Grotteturar i Dumdalen
<b>Medlem Nasjonalparkriket Reiseliv</b>		
Grotli Høyfjellshotell	Overnatting og aktivitetar.	Toppturar og fiske
Skjåk Almending	Utleige av hytter, jakt og fiske.	Utleige av hytter, jakt og fiske.
Dønfoss Camping	Overnatting og aktivitetar.	Nei
Sota Sæter	Overnatting og aktivitetar.	Toppturar på vinter og sumar, skiturar og fotturar og klatring.
<b>Medlem Visit Sognefjord</b>		
Jostedalen breførarlag	Brevandring, bre- og klatrekurs, toppturar, sommar	Brevandring og kurs i Jostedalen
Icetroll	Kajakkpadling på brevatn, brevandring, sommar	Mest bruk utanfor/randsona til verneområda i Jostedalen
Norgesguidene	Toppturar, skred-, klatre- og brekurs, heile året.	Toppturar og kurs i Jostedalen, grotteturar i Dumdalen
Adventure Tours Norway	Vandring og fisketurar	Vandring i Mørkridsdalen
Jostedal hotell	Overnatting og formidling av aktivitetar, heile året.	Nei
Nes Gard	Overnatting og aktivitetar, vår, sommar og haust.	Vandring Vigdalen og Mørkridsdalen
Skjolden hotell	Overnatting og formidling av aktivitetar, vår, sommar og haust.	Nei

Figur 11: Ein gjennomgang av dei tre reiselivsorganisasjonane viser kva slags medlemsbedrifter som tilbyr ulike aktivitetar i Breheimen (lista er ikkje uttømmende og vil endre seg over tid).

Den største reiselivsaktøren i Breheimen, og som kanskje bidreg til mest trafikk i dei indre delane av verneområda, er Den Norske Turistforeningen. I Breheimen er alle DNT-hytter eigd og drifta av DNT Oslo og Omegn, til saman er det 10 hytter og eit omfangsrikt nett av merka stiar. Dette nettverket av stiar og hytter er populært for fjellturar over fleire dagar. DNT har også utvikla den mest brukte tur-appen i Noreg, Ut.no. Denne fortel om turar og hytter i heile Noreg og DNT



genererer kring 5000 overnattingsdøgn per år i Breheimen. Dei fleste av desse er i barmarksperioda.

Den norsk turistforening sine hytter kring Breheimen				
Hyttenamn	Driftansvarleg	Betjent/ubetent	Innanfor /utanfor verneområde	Kommune
Skridulaupbu	DNT - Oslo og Omegn	Sjølvetjent	Utanfor	Skjåk
Slæom	DNT - Oslo og Omegn	Sjølvetjent	Breheimen NP	Skjåk
Sota sæter	DNT - Oslo og Omegn	Betjent	Utanfor	Skjåk
Sprongdalshytta	DNT - Oslo og Omegn	Sjølvetjent	Breheimen NP	Luster
Arentzbu	DNT - Oslo og Omegn	Sjølvetjent	Breheimen NP	Luster
Fast	DNT - Oslo og Omegn	Sjølvetjent	Mørkridsdalen LVO	Luster
Vigdalsstøl	DNT - Oslo og Omegn	Sjølvetjent	Vigdalen LVO	Luster
Nørdstedalsseier	DNT - Oslo og Omegn	Betjent	Utanfor	Luster
Medalsbu	DNT - Oslo og Omegn	Nødbu	Breheimen NP	Luster
Stølsdalen	DNT - Oslo og Omegn	Sjølvetjent	Utanfor	Luster
Trulsbu	DNT - Oslo og Omegn	Sjølvetjent	Breheimen NP	Skjåk

Figur 12: Oversikt over DNT sine hytter i Breheimen.

Skjåk Almenning er ein annan aktør med tilknytning til Breheimen. Skjåk Almenning er landets største private grunneigar og eig det meste av arealet i Skjåk kommune sin del av Breheimen nasjonalpark, Mysubytta landskapsvernområde og Strynefjellet landskapsvernområde. Dei driv med utleige av hytter og formidlar ulike jakt- og fisketilbod i verneområda i Breheimen. Skjåk Almenning sin hytteutleige genererer 200 - 250 overnattingsdøgn per år i Breheimen. Dei fleste av desse er fotturistar, jegerar og fiskarar i barmarksperioda.

Skjåk Almenning sine utleiehytter kring Breheimen			
Hyttenamn	Driftansvarleg	Innanfor /utanfor verneområde	Kommune
Glitterbue	Skjåk Almenning	Breheimen NP	Skjåk
Grønstorrbu	Skjåk Almenning	Breheimen NP	Skjåk
Liabu	Skjåk Almenning	Utanfor	Skjåk
Raudalsbu	Skjåk Almenning	Utanfor	Skjåk
Sauhytta	Skjåk Almenning	Breheimen NP	Skjåk
Sottjønnebu	Skjåk Almenning	Breheimen NP	Skjåk

Figur 13: Oversikt over Skjåk Almenning sine utleiehytter i Breheimen.

Breheimen blir i mindre grad nytta til marknadsføring slik som nasjonalparkane Jotunheimen og Jostedalbreen som er meir innarbeidd i reiselivet, og framstår som meir attraktive område overfor kundegruppene. Samstundes vert delar av området marknadsført gjennom destinasjonsselskapa. Reiselivet sitt fokus på kjende attraksjonar og spektakulære opplevingar

gjør at Breheimen i liten grad har vore nytta i tung marknadsføring i mangel på trekkplaster som brevandring eller tilsvarande attraksjonar som Besseggen eller Preikestolen. Det tradisjonelle friluftslivet er dominerande og den kommersielle aktiviteten er liten.

Bruken av Breheimenområdet er i endring. Det er ei sterk sesongsatsing på Sognefjellet sør for nasjonalparken, og aksene Lom – Geiranger nord for verneområdet er av dei mest populære reiserutene som inngår i kundereisene. Både desse turistvegane er opne berre 6 månader i året frå mai - oktober, men i denne perioden er det stor trafikk. I seinare tid er det også diskutert om det er mogleg å opne Sognefjellet tidlegare om våren.

Heilstuguvassosen og Mørkridsdalen er dei mest brukte innfallsportane i Breheimen, og rett etter følgjer stien til Smithbua frå Lom sentrum, saman med Sota. Heillstuguvassosen ligg ved Gamle Strynefjellsvegen som er Nasjonal Turistveg, og i Mørkridsdalen kan ein oppleva levande kulturlandskap og flotte fossestryk ikkje langt frå vegen. Vi kan vente oss at etterspurnaden etter bruk av verneområda vil auke. Med auka trafikk får vi meir press på naturverdiane i nasjonalparken og områda rundt. Det er viktig å vera førebudd på denne utviklinga. Ein må vera førebudd på at behovet for auka ressursar i forvaltninga vil auke i samband med meir intensiv bruk av områda.

Kring verneområda i Breheimen er nokre av dei mest trafikkerte og populære turistvegane, med mange overnattingsstader og aktivitetsverksemder som ligg i nærleiken. Derimot er mykje av merksemda til reiselivsverksemdene retta mot andre besøksmål, som nasjonalparkane Jostedalbreen og Jotunheimen. Dei fleste aktivitetsbedrifter har hovudaktiviteten andre stadar enn Breheimen, sjølv om verneområda i Breheimen blir nytta i noko grad.

Det er fleire attraksjonar som tiltrekk besøkande til Breheimen. Den norske turistforeininga har eit veletablert og godt utbygd sti- og hyttenett som fjellvandrarar set pris på. Det er gode høve til fleirdagars høg fjellsturar blant tindar og brear, der ein får kjensle av å vere aleine. Mørkridsdalen med sitt frodige natur- og kulturlandskap har også fått auka merksemd og besøk i seinare år, og er ein av dei mest besøkte stadane i verneområda.

Jakt og fiske er aktivitetar som er veletablert i Breheimen. Det er mange gode fiskevatn og -elvar som er populære turmål.

Også verneområda i Breheimen opplev i noko grad at det kjem nye aktivitetar som kan vere utfordrande i forhold til vernet. Dette gjeld kanskje i særleg grad toppturaktiviteten. Den mest brukte tida til denne aktiviteten er våren, som samsvarar med kalvingstida til villreinen og hekketida til fuglar. Førebels er det ikkje rapportert om større uroingar i samband med toppturar, men ein følger nøye med i tida framover.

Ein annan trend som kan skape utfordringar er Facebook- og Instagramvenlege turmål som kan dukke opp. Slike SoMe-turmål kan vere utfordrande for forvaltninga og anna infrastruktur å halde følge med, jamfør Trolltunga og Besseggen.

Verneområda i Breheimen blir også påverka av klimaendringar. Breane smeltar og trekk seg tilbake og skoggrensa er på veg oppover på grunn av varmare klima. Auka nedbør har i seinare år gitt mange større flaumar, og forvaltninga har brukt mykje både tidsressursar og midlar for å sikre infrastrukturen for både landbruks- og reiselivsinteresser. Dette vil også i åra som kjem vere ei utfordring.

## 2.3 Den besøkande

Sommaren 2016 vart det gjennomført ei brukarundersøking ved hjelp av 12 svarkassar plassert ut ved dei viktigaste innfallsportane til verneområda i Breheimen. 2836 svarskjema var fylt ut, samt 364 skjema i ei nettbasert etterundersøking. Resultat frå undersøkinga er med på å danne eit bilete på kven det er som besøker Breheimen og kvifor.

Lokalitet	Svarkasse	Tal respondentar (N=2836)	Teljar
1. <u>Heillstuguavassosen</u>	X	499	X
2. <u>Sota</u>	X	355	
3. <u>Mysubytta</u>	X	214	
4. <u>Smithburåket</u>	X	359	
5. <u>Dumøyen</u>	X	217	X
6. <u>Vasenden</u>	X	78	
7. <u>Vanndalen</u>	X	147	
8. <u>Vigdalen</u>	X	156	
9. <u>Hødnevollen/Mørkridsdalen</u>	X	482	X
10. <u>Nørstedsseter</u>	X	52	
11. <u>DNT-hytta på Nørstedsseter</u>	X	72	
12. <u>Eggjalia</u>	X	205	


Figur 14: Oversikt over kvar svarkassene i spørjeundersøkinga stod.

Breheimen er populær for brukarar som ønskjer å oppleve villmark, dramatiske landskap og fred og ro. Dei store urørde områda gjev ei unik moglegheit til å gå lange turar med liten grad av forstyrring. I undersøkinga svarar 84% at Breheimen samsvarar med brukaren sitt idealområde, og 80% er godt nøgd med forvaltning og tilrettelegging.

Brukarundersøkinga syner at det store fleirtalet av dei besøkande er tilreisande, 76 %, og berre 11 % bur i ein av dei tre kommunane Lom, Skjåk og Luster. Nokon fleire, 17 %, eig eller har fritidsbustad nær Breheimen, men dei er også dels blant dei som bur i området.


Nasjonsfordelinga viser at nordmenn er i fleirtal, men med så mykje som 42% utlendingar. I alt var 34 nasjonalitetar registrert i Breheimen i tillegg til Norge. Det er tyskarane som er den klart største gruppa utlendingar. Dei fem største nasjonane er Tyskland (37%), Nederland (14%), Belgia (12%), Sverige (7%) og Danmark (5%).

Det er naturopplevinga, ønskje om å oppleve villmark og dramatiske landskap som er hovudgrunnane for å besøke Breheimen. Svært viktig er også det å kjenne seg fri, å oppleve fred og ro og det å kunna gå langtur. Dei aller fleste fylgjer stiane, og det er også tydeleg at godt merka stiar og tydeleg skilting er verdsett.



Figur 15: Grunnar for å besøke Breheimen.

Fottur er den klart mest dominerande aktiviteten. Det er også kartlagt vinteraktivitetar, og skiturar utanfor oppkøyrd eller kvista (vintermerka) løyper er mest utbreidd. Når det gjeld tidlegare friluftslivserfaring er det registrert at det er flest med veldig lite erfaring eller veldig mykje erfaring. Dette kan nok samanheng med at Breheimen både kan vere populært turområde for kortturar og for lange fleirdagarsturar.



Figur 16: Friluftslivsinteresser.

Det er tydeleg at besøk i Breheimen også utløyser overnatting innafor eller i nærområdet til Breheimen, og turisthytte er hyppigast nemnt som overnattingsstad. Telt blir nesten like mykje brukt som hotell/pensjonat.

Nærpå alle er positive til at Breheimen er verna som nasjonalpark, og om lag ¼ oppgjev vernestatusen som viktig for at dei tok turen til Breheimen. Knapt halvparten seier at besøket til Breheimen var hovudgrunnen til den turen dei var på, og 2 av 3 hadde bestemt seg for besøket minst ein måned før dei reiste heimanfrå. Dei aller fleste var også godt nøgde med tilrettelegginga for friluftsliv i området. Likevel er dei fleste positive til å bygge bruer/klopper over enkelte elvar/bekkar, og det å bruke gangbanar i over våte myrar. Ein syns også det er fornuftig å legge om stiar, dersom det trengs for å verne om sårbar natur.



Figur 17: Tilfredsheit med tilrettelegging for friluftsliv.

Besøksundersøkinga tilseier at det meste av bruken er knytt til tydelege stiar. Den tydelege stien føretrekk folk fordi den er enklare å gå, meir komfortabel og kjennest tryggare. Dette gjer at stien kan vere det viktigaste verkemiddelet for forvaltninga til å styre bruken til stader eller bort frå stader utan bruk av tvang. Å endre stiar vil vere effektivt tiltak særskilt mot nye brukarar av området, medan godt kjende brukarar er vanskelegare å styre. Om ein skal endre bruksmønsteret til røynde brukarar av eit område krev det godt informasjonsopplegg der dei forstår og er samd i intensjonen, jamfør Dumdalsgrottene.

Det er internett som er den føretrekte informasjonskanalen for dei besøkande, med informasjonstavler ved innfallsportane eit godt stykke bak på ein andre plass. Dei besøkande ønskjer god tilgjengeleg informasjon når dei planlegg turen til området. Den mest etterspurde informasjonen brukarane ønska er turforslag, attraksjonar og generell informasjon som er eigna å formidle gjennom internett. Undersøkinga seier vidare at skal ein påverke måten den besøkande bør oppføre seg lokalt av omsyn verneverdiar og sårbarheit, er mest sannsynleg enkle, informative og spesiallaga tavler ved innfallsportane det mest effektive. Også informasjonscentra og brosjyrar er attraktive informasjonskanalar.

Av dei som kjenner området frå før så er det auken i talet brukarar som dei fleste markerer som den tydlegaste endringa over tid. Dei seier likevel at det er lett å finne stader der ein kan vere for seg sjølv, og dei fleste syns ikkje det er for mykje folk der i høgsesongen.

## 2.4 Anna relevant kunnskap

### 2.4.1 Friluftsliv

Breheimen er eit viktig område for utøving av friluftsliv. Særleg randområda i Breheimen merkar seg ut som særleg viktige for friluftslivet. Det er kort veg frå dei frodige stølsgrendene til vilt høgfjell, og denne variasjonen gjev mange turmoglegheiter for ein kvar smak. Det naturvenlege og lite ressurskrevjande friluftslivet dominerer, med fotturar om sommaren, og skiturar på seinvinteren og våren. Dei fleste aktivitetane er uorganiserte, men det finst også tilbod om guida turar. Det er per i dag ingen faste friluftsansettarar i verneområda, korkje vinter eller sommar. Dei siste åra har toppturar med bruk av randonee-utstyr vorte meir populært.

I Breheimen er det eit nett av stiar og løyper (sjå figur 18). Det er gode bilveggar rundt, og inn mot Breheimen. Dette gjer det lett å kome langt inn i området, sjølv på dagsturar. Det er òg gode moglegheiter for lengre turar med overnatting i telt, utleigehytter eller på turisthyttene.

#### **Forvaltingsmål friluftsliv og ferdsl**

Vernet skal sikre eit naturvenleg og enkelt friluftsliv i området, med lite teknisk tilrettelegging. Av verneverdiane er det særleg omsynet til villreinen og anna sårbart dyre- og planteliv, samt omsynet til geologiske førekomstar, karst og grotter som skal vektleggjast i høve til friluftsliv.

Omsynsfull ferdsl skal vere eit mål for friluftslivet i verneområda. Det skal både vere område som er tilrettelagde med T-merkte stiar, og område der ein må finne vegen heilt på eiga hand.


Det er både eit mål og ei utfordring å syte for god informasjon om naturen og kulturverdiane til dei som ferdast i verneområda.

Det er eit mål i minst mogleg grad å gripe inn i ålmenta sin rett til fri ferdsl i utmark. Forbod mot ferdsl o.l. er både konfliktfyllt og vanskeleg å handheve, og svært lite ønskjeleg.

Det er eit mål å sikre store urørde leveområde for villreinen, kombinert med at eksisterande sti- og skiløypenett i størst mogleg grad blir oppretthalde. Løypenettet i området er allereie tett i høve til villreinen sine behov. Når det gjeld forvaltingsmål knytte til friluftsliv, er det viktig at dei vert sett i lys av at det er eit mål å få villreinen tilbake i sørlege og vestlege delar av Breheimen, dvs. Luster.

Generelt skal den tilrettelegginga som vert gjort, gjere områda lettare tilgjengeleg for ålmenta innanfor ramma av verneforskrifta. Målet er at all tilrettelegging skal vere naturvenleg slik at det vert minst mogleg belastning på naturmiljøet, medfører minst mogleg inngrep i naturmiljøet og kulturlandskapet, og at kvaliteten på naturopplevinga vert ivareteken. I dette ligg òg at ein må vurdere om fysisk tilrettelegging er naudsynt og ønskjeleg i eit område. All tilrettelegging skal tilpassast naturmiljøet og kulturlandskapet, slik at det ikkje verkar skjemmande.





Figur 18: Kart over dei merka og umerka stiane i Luster, Skjåk og Lom (vedlegg 11 i forvaltningsplanen).

## 2.4.2 Jakt, fangst og fiske

Det blir jakta på hjort, villrein, elg, li- og fjellrype og noko rådyr og hare i verneområda. Jakt på hjort går føre seg både i Luster, Skjåk og Lom. I Lom og i Skjåk vert det også jakta elg. Reinsjakta skjer over skoggrensa i delar av verneområda. Omfanget varierer med svingingar i villreinbestanden og kvar dyra står under jakta.

### Forvaltingsmål jakt, fangst og fiske

Det er eit sentralt mål for forvaltninga av Breheimen at jakt og fiske framleis skal kunne gå føre seg innanfor rammene av verneføremålet. Desse aktivitetane høyrer til det enkle friluftslivet som er ein del av verneføremålet, og har stor tyding, særleg lokalt. Jakt og fiske utgjer dessutan eit bidrag til å regulere bestandane.

### 2.4.3 Tilrettelegging

I forvaltningsplanen står det at tilrettelegging vert gjort mellom anna for å gjere områda lettare tilgjengeleg for ålmenta, for å få fram husdyr med tanke på verneføremåla og for å kanalisere ferdsla. I samband med tilrettelegging for friluftsliv er det viktig å tenke god tilrettelegging for dei fleste brukargrupper.

Tilrettelegging kan vere fysiske tiltak som stiar og løyper og merking av slike, løypepreparering, rasteplassar, bål plassar, utsiktsstader, bade plassar med meir. Tilrettelegging kan òg vere informasjon ute med tavler, skilting, trykt informasjon som brosjyrar, handbøker, kart og det kan vere elektronisk informasjon tilgjengeleg på internett/ mobiltelefon. Lista er ikkje uttømmende.

### 2.4.4 Informasjon

Breheimen nasjonalparkstyre har det overordna ansvaret for å utarbeide og formidle informasjon om verneområda. Det er viktig med god informasjon til brukarane av verneområda.

#### 2.4.4.1 Informasjon som verktøy for målstyrt forvaltning

Som ein del av Bruk-Vern prosjektet hos Fylkesmannen i Oppland i perioden 2009-2011 vart det utført fleire observasjonsstudiar for å sjå på korleis informasjonstavlene ved innfallsportane til nasjonalparkane vart brukt. Observasjonane vart gjort i samband med informasjonspunkt ved innfallsportar til Rondane nasjonalpark men er også relevante for Breheimen og andre verneområde. I oppsummeringa frå dette prosjektet heiter det mellom anna at:


*«Andelen som stopper ved skiltene på infopunktene ser ut til å vere ganske stabil; mellom 25 og 30 % av de som passerer/oppholder seg ved infopunktet. Plasseringen av skiltene ser ut til å ha stor påvirkning på hvor mange som stopper. På Spranget stoppet det 8 ganger så mange ved det skiltet som hadde gunstigst plassering (på utsida av infopunktet) som ved det skiltet som var plassert lengst unna (skiltet for «Fosseråket»). Sammenligner en Spranget og Grimsdalen ser det ut til at mange skilt på samme sted virker negativt på hvor lenge folk stopper. I Grimsdalen så 16 av 20 på alle tre skiltene på infopunktet. På Spranget, med 6 skilt, leste tre fjerdedeler bare ett eller to skilt. Tida brukt på infopunktet totalt var også lengre i Grimsdalen; 160 sekunder mot 100 sekunder på Spranget. Av plakatene «på innsida» av infopunktet på Spranget ble relieffet over fjelltoppene og kartet over nasjonalparken klart foretrukket framfor plakatene med mye tekst. Kartet/relieffet er en type informasjon som folk kan relatere direkte til sin tur/opplevelse der og da, og oppleves derfor sannsynligvis som mer interessant/relevant enn innholdet på de to andre plakatene. Folk bruker kort tid på infopunktene. Tida brukt på den enkelte plakat var i snitt ett minutt, både på Spranget og i Grimsdalen. Unntaket var plakatene på Spranget for Sel kommune og nasjonalparkplakaten med verneverdier og –bestemmelser, som folk bare brukte 20-30 sekunder på». (Vorkinn, Marit. 2011. Informasjon som verktøy for målstyrt forvaltning. Fylkesmannen i Oppland).*

#### 2.4.4.2 Informasjonspunkt

I dag er det 14 informasjonspunkt rundt Breheimen. Figur 19 viser kvar desse informasjonspunkta er. Det er «gamle» informasjonsplakatar som informerer om verneområdet på alle punkta. På



desse plakatene er det mykje tekst, men i den nye malen er det lagt opp til at omfanget av tekst skal minimaliserast.



Figur 19: Kartet viser oversikt over informasjonspunkt og besøkscenter rundt Breheimen nasjonalpark.

Tilstanden på stativa som plakatene er festa på er av varierende kvalitet. Ein god del av desse stativa er modne for å bli skifta ut. Plakatane på alle informasjonspunkta må skiftast ut med nye plakatar som er i tråd med den nye merkevara for verneområda.



Figur 20: Eksempel på informasjonstavler i ulik utføring. Foto: Stein Grevrusten

I figur 21 er det ein oversikt over alle informasjonspunkt og dagens status. I tillegg er det sett inn forslag til plassering av nye informasjonspunkt. Dei nye punkta er teke inn fordi det er plassar der det er naturleg å informere om verneområda. Dei fleste av dei nye informasjonspunkta er ikkje avklart med grunneigar og kommune. Denne prosessen blir starta når besøksstrategien er godkjent. Det bør prioriterast å skifte ut dei punkta som er mest slitt og der det er mest trafikk inn i verneområdet.

Nr	Namn	Eksisterande/nytt punkt	Behov ny informasjon?	Behov nytt stativ?	Prioritet	Eventuell kommentar
1	Strynefjellet vest	Nytt	Ja	Ja	1	
2	Strynefjellet øst	Nytt	Ja	Ja	1	
3	Grotli	Nytt	Ja	Nei	1	På tavle hos Statens vegvesen
4	Billingen	Nytt	Ja	Nei	1	Saman med Reinheimen NP
5	Raudalen	Nytt	Ja	Ja	3	
6	Sota	Eksisterande	Ja	Ja	1	Sjå vurdering pkt. 2.5
7	Dønfoss	Eksisterande	Ja	Ja	1	Sjå vurdering pkt. 2.5
8	Tundradalen	Nytt	Ja	Ja	3	
9	Bismo	Nytt	Ja	Ja	2	I sentrum.
10	Lundadalen	Eksisterande	Ja	Nei	2	
11	Lomseggen/Lom sentrum	Nytt?	Ja	Ja	1	
12	Jotunheimen fjellstue	Nytt	Ja	Ja	2	
13	Vassenden	Eksisterande	Ja	Nei	2	
14	Dumdalen	Nytt	Ja	Ja	1	Blir sett opp i 2021.
15	Krossbu	Nytt	Ja	Ja	2	Ev. saman med Jotunheimen NP?
16	Sognefjellshytta	Nytt	Ja	Ja	2	Ev. saman med Jotunheimen NP?
17	Nørdstedalseter	Eksisterande	Ja	Ja	1	
18	Skjolden sentrum	Eksisterande	Ja	Ja	1	Sjå vurdering pkt. 2.5
19	Mørkrid	Eksisterande	Ja	Ja	1	Sjå vurdering pkt. 2.5
20	Hødnevollen	Eksisterande	Ja	Ja	1	Sjå vurdering pkt. 2.5
21	Dalsdalen	Eksisterande	Nei	Nei	3	Fjerne informasjonspunkt?
22	Gaupne	Nytt	Ja	Ja	2	I sentrum saman med Jostedalsbreen og Jotunheimen
23	Vigdalen	Eksisterande	Ja	Ja	1	
24	Myri	Nytt	Ja	Ja	2	Populært vinterstartpunkt
25	Vanndalsvatnet	Eksisterande	Ja	Ja	1	
26	Gjerde	Nytt	Ja	Ja	2	I sentrum.
27	Fagredalen	Eksisterande/øydelagt	Ja	Ja	1	Tidlegare tavle øydelagt
28	Viva	Eksisterande	Ja	Ja	2	
29	Styggevatnet	Eksisterande	Ja	Ja	2	Saman med Jostedalsbreen

Figur 21: Oversikt over status på alle eksisterande informasjonspunkt og forslag til nye informasjonspunkt rundt Breheimen nasjonalpark.

### 2.4.4.3 Innfallsportar

Innfallsportane er eit av dei viktigaste treffpunkta der forvaltninga kan formidle viktig informasjon til dei besøkande, anten dei berre er på gjennomreise eller planlegg turar inn i verneområda. Undersøkingar viser at berre eit avgrensa tall som besøker innfallsportane har tid, interesse eller høve til å gå inn i parken for å utøve tradisjonelt norsk friluftsliv. Dei fleste nøyer seg med å sjå inn i området eller rusle ein kort tur i nærområdet. Å legge til rette for gode opplevingar ved ein innfallsport er difor viktig både for den besøkande, for forvaltninga og for lokalsamfunna rundt verneområda. Eit besøk til ein innfallsport skal gje ei totaloppleving av å vera velkomen, gje påfyll av kunnskap og historier, samt ein smak av nasjonalparken.

Begrepet innfallsport blir brukt om summen av utandørs tilrettelegging som møter og kanaliserer besøkande fram til ei oppleving av heile eller delar av verneområdet. Ein innfallsport kan innehalde eitt eller fleire tilretteleggingstiltak i regi av forvaltningsmyndigheita. Gode innfallsportar styrkar vernet, fremjar friluftsliv og kan vera haldningsskapande. Dei kan også styre ferdsel vekk frå sårbare område og gje den besøkande naturoppleving og naturglede.

I brukarundersøkinga frå 2016 vart det plukka ut 12 av dei viktigaste innfallsportane til Breheimen nasjonalpark. I tillegg til desse er det fleire mindre innfallsportar som leder folk inn i verneområdet. Det føreligg ikkje ferdselsteljingar på alle desse innfallsportane men ein veit stort sett av erfaring kven som er mest nytta av turistar og fastbuande. Innfallsportane til Breheimen er i stor grad samanfallande med kartet over informasjonspunkta i pkt. 2.4.5.2.

### 2.4.4.4 Nettside

I dag har ikkje Breheimen ei eiga nettside som er retta mot dei besøkande. Det er i stor grad andre aktørar som informerer om Breheimen utan at forvaltninga har kontroll på kva som blir formidla. I kjølvatnet av besøksstrategien blir det difor etablert ei besøksretta side som blir publisert under portalen <https://www.norgesnasjonalparker.no/> Sjå punkt 4.5.2. i kommunikasjonsplanen for meir informasjon.

Nasjonalparkstyret har derimot ei eiga nettside som er vinkla meir mot forvaltninga av verneområda: <https://www.nasjonalparkstyre.no/Breheimen>

### 2.4.4.5 Informasjonssentera

Det er to senter som er autoriserte besøkscenter for Breheimen nasjonalpark.

- **Norsk Fjellsenter** ligg i nasjonalparklandsbyen Lom og er autorisert besøkscenter for Jotunheimen, Breheimen og Reinheimen nasjonalparker.
- **Breheimsenteret** ligg i Jostedalen i Luster og er autorisert besøkscenter for Jostedalsbreen og Breheimen nasjonalparker.

Besøkscenter nasjonalpark formidlar informasjon om nasjonalparker og andre verna områder nasjonalt og internasjonalt. Sentera skal stimulere til bruk av naturen og nasjonalparkane, og til friluftsliv generelt. Sentera i Lom og Jostedalen har omfattande informasjon og utstillingar om Breheimen nasjonalpark.



## 2.4.5 Klimaendringar i Breheimen

Norsk Klimaservicesenter har nedskalerte klimamodellar frå IPCCs femte hovudrapport frå 2013 (AR5) fram mot slutten av dette århundre til fylkesvise samandrag av forventa endringar frå perioden 1971-2000 til 2071-2100. Figur 22 og 23 er framskrivingar for høvesvis Oppland og Sogn og Fjordane. Hendingar relatert til klimaendringar skjer allereie i dag og vil auke i omfang etterkvart som temperaturen stig dei neste tiåra. Særleg er det venta at naturfarar knytt til ekstrem nedbør, regnflaum, og jord-, flaum- og sørpeskred vil auke i tida framover.



Figur 22: Oppland: Samandrag av forventa endringar frå perioden 1971-2000 til 2071-2100 i klima, hydrologiske forhold og naturfarar som kan påverke samfunnstryggleiken (Norsk Klimaservicesenter).



Figur 23: Sogn og Fjordane: Samandrag av forventa endringar frå perioden 1971-2000 til 2071-2100 i klima, hydrologiske forhold og naturfarar som kan påverke samfunnstryggleiken (Norsk Klimaservicesenter).

Utgangspunkt for klimamodellane vidare er middels utslepp (RCP4.5), der verda får til mange imponerande utsleppskutt i mange bransjar, men ikkje til alt. Med dette som utgangspunkt vil temperaturane i kommunane som utgjør verneområda i Breheimen stige med mellom 2,1 og 2,4 grader. Auka temperatur vil føre til auka nedbør, mellom 6 og 10 prosent.



Vern av natur er i seg sjølv eit viktig tiltak for å dempe effektane av klimaendringane. Verdsbanken seier at vern av eksisterande natur med klimaregulerande funksjonar er det viktigaste tiltaket for å sikre naturbaserte løysingar. Robust og variert natur er mindre sårbar for endringar og kan bidra til at samfunnet lettare tilpassar seg eit endra klima.

#### **2.4.5.1 Klimaendringar påverkar verneføremål**

Klimaet er i endring, og desse endringane vil påverke verneverdiane i Breheimen. 87 av dei truga artane på Norsk raudliste er truga som følgje av klimaendringar, der mange av dei er knytt til kjøleg fjellklima som kjenneteiknar verneområda i Breheimen.

For tryggleik og sikre tilkomst til verneområda for folk og beitedyr vil det særskilt vere utfordrande med ekstremnedbør og overvatn. Regnflaumar i bekkar og mindre elver, og våte skred vil auke som følgje av dette. Dette vil truge infrastrukturen med stiar og bruer. Endringar i klima vil også føre til raskare gjengroing av stiar og kulturlandskap, samstundes som materiale brytast raskare ned. Dette kan vere uheldig for kulturminna. Alle desse faktorane gjer at ein rekne med større kostnader til vedlikehald av stiar, bruer, kulturminne og kulturlandskap i framtida.

Lengre vekstsesong i eit varmare klima fører til at skoggrensa vil trekke seg oppover. Dette inneber at høgfjellsøkosystemet som omfattar store delar av verneområda i Breheimen, og som er eitt av verneføremåla, minkar. Flora og fauna som er tilpassa livet på høgfjellet vil bli utkonkurrert av skogartar, og får mindre leveområder.

Temperaturstiginga vil påverke breane også i Breheimen. Sjølv ein auke i vinternedbør ser ikkje ut til å kompensere for lengre smeltesesong, og det er venta at to tredjedelar av ismassane i Noreg vil vere vekke om 70-100 år. Mest utsett er snøfenner og dei mindre breane, som det er mange av i verneområda i Breheimen. Breane er eit viktig landskapselement for høgfjellet i Breheimen, som påverkar vegetasjon og landskap, leveområdene for villrein og vassdragsnaturen.

Villreinstamma i Reinheimen-Breheimen nyt godt av dagens snøfenner og brear i høgfjellet om sommaren når insekta blir plagsame og dei treng avkjøling. Villrein er godt tilpassa livet i høgfjellet og floraen der. Når skoggrensa stig høgare opp i fjellet vil leveområda bli mindre. Villrein kan godt ete skot og blader i skogen om sommaren, men om vinteren er det laven på høgfjellet den er avhengig av. Det er lettare å fordøye laven for villrein og den brukar mindre energi på å grave fram mat på vindutsette høgfjellsområder enn i skogen.

#### **2.4.5.2 Klimatilpassing i Breheimen**

Klimaendringane vil utfordre mange av verneføremåla for verneområda i Breheimen. Fleire av utfordringane er vanskeleg å påverke i stor grad med lokal forvaltning. Vi vil få høgare temperatur og meir nedbør i åra som kjem, noko som kjem til å påverke naturen i verneområda. Det er likevel fleire områder forvaltninga kan gjere tiltak for å ta vare på verneverdiane og tilpasse seg eit endra klima.

**Infrastruktur:** Stiar og bruer må så langt som råd dimensjonerast for eit våtare klima. Bekker og elver kan gjere stor skade på etablerte installasjonar. Ved ekstremnedbør kan det oppstå

situasjonar på nye stader enn ein er van med. Mykje av endringane i infrastruktur vil skje i kjølvatnet av skadehendingar i form av til dømes flaum. Det må vurderast om det skal byggast oppatt, om det skal skje ei omlegging av sti eller flytte ei bru til ein meir eigna stad, om tilrettelegginga må dimensjonerast opp for å tole framtidens naturhendingar. Særskilt langs elver og bekkar må det vurderast og planleggast for eit våtare klima.

**Skjøtsel:** For å ta vare på kulturlandskapet må det vere aktiv skjøtsel. Dette gjeld både gjennom å ha beitedyr i områda og manuell skjøtsel av dei kulturtinga naturtypene som finst i verneområda i Breheimen. Nokre stader kan det vere aktuelt å styre beiting aktivt gjennom samarbeid med beitebrukarar. Tiltak der det er beitedyr vil ha størst og lengst effekt.

**Villrein:** Det er viktig å ta vare på leveområda til villreinen. Om skoggrensa stig høgare, vil beiteområda bli mindre. Då kan tidlegare lite nytta områder bli viktige. Forvaltninga må difor handsame saker med utgangspunkt at villreinen kan endre både beiteområder og kalvingsområder i framtida. Om leveområda til villreinen i framtida minkar, vil det vere viktig å minimere stress og uroing gjennom mykje ferdsel og motorferdsel i aktuelle områder.

## 2.5 Samanstilling og situasjonsanalyse av kunnskapen

I Breheimen nasjonalpark og tilliggjande verneområde er det eit godt kunnskapsgrunnlag både når det gjeld verneverdiane og brukarane av nasjonalparken. Mellom anna har brukarundersøkinga gjeve ny kunnskap om kven brukarane er og kva for inntrykk dei har av Breheimen i dag. Det totale kunnskapsgrunnlaget gjev godt grunnlag for å styre bruken av nasjonalparken til det beste for verneverdiane og at ein samstundes kan gje dei besøkande ei god oppleving.

Sikring av verneverdiar krev ein tankegang som strekkjer seg minst 200 år fram i tid. Ein må difor ikkje stille seg i ein slik situasjon at grunnlaget for verneverdiane på sikt blir forringa. Forvaltninga av området skal skje etter ein hovudregel om at brukarinteressene skal tilpassast verneverdiane og ikkje omvendt.

### Villreinens leveområde

Villreinens leveområde er eit av dei viktigaste formåla med vernet av Breheimen nasjonalpark. Villrein er ein art som er sårbar for ferdsel. Den har også krav til store beiteareal sumar og vinter, uforstyrta kalvingsområde, frie trekkveggar og tilgang på «reserveområder». Det er difor viktig å ikkje gjere endringar på strukturen som er i dag med tanke på folks ferdselsmønster og ferdselsintensitet. I denne samanhengen er det også viktig å merkje seg at mange av dei dalføra som leidar inn i Breheimen også har ulike lokalitetar for rovfugl som er sårbare for auka ferdsel.

Om ein samanliknar Breheimen med andre nasjonalparkar som har villrein, er oppfatninga at det generelt sett er lite trafikk i Breheimen. Likevel er potensialet for auka besøk i Breheimen stort, mellom anna fordi det er fleire store «turistmotorar» tett på, eksempelvis Jotunheimen og Jostedalsbreen. I mange sine auge er Breheimen «uoppdaga» og meir fokus på Breheimen som turmål kan fort endre dette, mellom anna med dagens tilgang til ulike digitale plattformer.

I kunnskapsgrunnlaget blir området mellom Grotli – Breiddalen og Strynefjellet – Tystigen trekt fram som eit av dei områda med stor trafikk i store delar av året. Bakgrunnen for dette er at området har kring 300 hytter, ein stor reiselivsbedrift og nasjonal turistveg Gamle Strynefjellsveg. Området er kalvingsområde for villreinen og blir også brukt som beiteområde sumar og vinter. Det blir også vist til dei andre fokusområda som er omtala i kapittel 2.1.1. samt kunnskapsgrunnlaget i kvalitetsnormen for villrein og regional plan.

Det er eit mål å skjerme dei mest sårbare delane av villreinen sitt leveområde. I desse områda må alle tiltak og sti- og løypenett vurderast fortløpande med tanke på korleis det kan påverke villreinen. Eksempelvis kan det vere nødvendig å fjerne stiar eller løyper dersom det viser seg at desse er til hinder for villreinens bruk av området. Dei besøkande må i størst mogleg grad ledast til område som toler meir bruk.

### **Ferdsel**

Kunnskapsgrunnlaget viser at dagens brukarar av Breheimen er ute etter naturopplevingar og dei vil oppleve villmark og spektakulært landskap. Svært viktig er også det å kjenne seg fri, å oppleve fred og ro, og det å kunna gå på langtur. Dei aller fleste følgjer stiane og ein stor del nyttar telt til overnatting. Av dei besøkande som svara på spørjeundersøkinga er det heile 84 % som svarar at Breheimen samsvarar godt med sitt «ideelle turområde». Dette viser at brukarane er godt tilfredse med det dei opplev og at forventningane til området innfrir slik det er i dag.

Dei fleste av brukarane finn informasjon på internett om Breheimen heime før turen startar, og dei opplever at det er enkelt å finne informasjon om området. Dette gjer at mange av brukarane kan «styrast» til områder som er mindre konfliktfylt når forvaltninga får oppretta eigne besøkssider for Breheimen. Ein må også vera klar over at det er andre aktørar som marknadsfører Breheimen på sine eigne nettsider og brosjyrar. Det må difor vera eit mål å koma i dialog med desse for å luke ut marknadsføring som er uheldig for verneverdiane i Breheimen.

Mange av dei mest populære turmåla i norsk natur får god marknadsføring gjennom ulike sosiale medium. Det kan føre til store utfordringar for verneverdiane når turmål og naturattraksjonar tiltrekkjer seg eit stort tall besøkande på stutt tid. Dette er ei utvikling som ein må følgje nøye med på i framtida og gripe fatt i med dei verkemidla forvaltninga rår over.

Det har i lang tid vore knytt usikkerheit til handteringa av lovverket rundt ferdselen i grottene i Dumdalen. I 2020 vart det gjort ei avklaring på dette frå Miljødirektoratet og regelverket kan nå takast i bruk som tenkt. Dette vil kanskje føre til at ein får meir oversikt over den organiserte ferdselen i grottene. Samstundes er den uorganiserte ferdselen også ei bekymring når det gjeld slitasje på grottene. Det kan i utgangspunktet vera ønskjeleg at flest mogleg «uorganiserte» deltek på organiserte opplegg i regi av firma som har fått god innføring i verneverdiane i grottene. Det bør difor ikkje leggjast opp til ei forvaltning som leiar fleire «uorganiserte personar» til dette området. Det blir også vist til retningslinjene for forvaltning og bruk på side 72-73 i forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen og til rapporten frå Speleoconsult AS.

Det bør ikkje vera noko mål å auke talet på besøkande i dei sentrale og dei mest sårbare delane av Breheimen, men heller leggje til rette for auka besøk på nokre plassar i ytterkanten av verneområdet som kan tole dette. Særleg landskapsvernområda skal kunne nyttast på ein berekraftig måte av reiselivet, slik at fleire kan oppleve natur- og kulturverdiane i verneområda i Breheimen. Potensiale for verdiskaping er også størst i desse områda.

## Innfallsportar og informasjon


Forvaltningsmyndigheita har eit overordna ansvar for å informere om verneområda og må leggje til rette for å formidle informasjonen på ein god måte. Innfallsporten er vanlegvis forvaltninga sin viktigaste møteplass med dei besøkande. Dette gjer at innfallsporten er viktig med tanke på formidling av informasjon til brukane. I figur 21 ovanfor er innfallsportane/innformasjonspunktta til Breheimen lista opp. I dag er det 14 informasjonspunkt ved 14 forskjellige innfallsportar til Breheimen. Det er i tillegg ein god del plassar til der det er vanleg at brukarane av Breheimen tek seg inn i området frå. Det er difor naturleg at det kjem opp nye tavler her også for å dekke alle dei plassane dei besøkande tek seg inn i verneområdet frå. Det blir difor lagt opp til at informasjonspunkta rundt Breheimen blir oppgradert i tråd med tabellen i figur 21 og vedlegg 1.

Når nytt kart over verneområda skal utarbeidast er det viktig at ein synleggjer berre dei innfallsportane som det er ønskjeleg at hovudmengda av dei besøkande skal bruke. I utgangspunktet betyr dette at det må fokuserast på innfallsportar som leiast ut til eit godkjent sti eller løypenett, har god tilkomstveg med opparbeida parkering og eit turområde som ikkje er i konflikt med verneverdiane.

Mange av dei besøkande i verneområda i Breheimen får informasjonen gjennom dei etablerte besøksentra ved Breheimsenteret i Luster og Norsk Fjellsenter i Lom. Gjennom både kongeleg resolusjon og utarbeidinga av forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen er det også peikt på at ein bør utvikle større informasjonspunkt ved sentrale innfallsportar til Breheimen nasjonalpark. Dette vart gjort tidlegare på Fjordstova i Luster og på Coop ved Dønfoss i Skjåk. På både desse plassane var det innandørs informasjon om verneområda, men på grunn av avgrensa midlar til å drifte plassane vart informasjonspunktet på Dønfoss lagt ned i 2019/2020. Informasjonspunktet på Fjordstova er framleis i drift men utstillinga er ikkje i tråd med den nye merkevarestrategien.

Nasjonalparkstyret meiner at det er aktuelt å vidareutvikle desse innformasjonspunktta og innfallsportane i tråd med Miljødirektoratets nye merkevarestrategi. Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget meiner ein at desse kan utviklast som hovedinnfallsportar til Breheimen som blir framheva ekstra gjennom arbeidet med besøksforvaltninga. Ei eventuell satsing her må likevel gjerast med omsyn til verneverdiane, og det kan vera nødvendig å gjennomføre sårbarheitskartleggingar.

Frå Norsk Fjellsenter i Lom er det etablert ei «kundereise» frå Fjellsenteret og ut til attraksjonar på Sognefjellet eller startpunkt inn til Jotunheimen nasjonalpark. Reisa går mellom Breheimen nasjonalpark på nordsida av Sognefjellsvegen og Jotunheimen nasjonalpark sør for vegen. Kundereisa startar eigentleg allereie på dei nye besøksretta nettsidene til Jotunheimen nasjonalpark, der besøkande kan finne informasjon som er styrt av forvaltninga.



Figur 24: Figuren viser gangen i kundereisa frå start til slutt.

Med bakgrunn i dette er det ønskeleg å sjå på etablering av ei liknande «kundereise», men i ein noko mindre skala, frå-til desse plassane:

- Norsk Fjellsenter (start) – Dønfoss (informasjon) – Sota (tilrettelegging).
- Breheimsenteret (start) – Skjolden (informasjon) – Mørkridsdalen (tilrettelegging).

Med bakgrunn i at det allereie er etablert ei kundereise frå Norsk Fjellsenter til Sognefjellshytta (Jotunheimen nasjonalpark) er det ikkje naturleg at ein prioriterer noko her i denne omgangen. Langs denne aksen er det derimot ønskeleg å få opp informasjon om Breheimen nasjonalpark på dei etablerte informasjonspunkta som informerer om Jotunheimen nasjonalpark. Det kan også nemnast at Lomseggen er i dag tungt marknadsført frå Lom sentrum og fungerer som ein innfallsport til Breheimen frå den sida. Det må vurderast om verneområdeinformasjonen er tilstrekkeleg slik den er i dag langs denne traseen.

Sjå meir om dette i mål 2 under punkt 3.2.

## 3 Mål og strategiske grep

### 3.1 Mål med besøksforvaltinga

Med bakgrunn i målsetjingane for arbeidet med besøksforvalting og kunnskapsgrunnlaget er det overordna målet med besøksstrategien i Breheimen å finne ein god balanse mellom å:

1. **sikre og ivareta verneverdiane i eit 200-årsperspektiv.**
2. **gje gode opplevingar for dei besøkande gjennom besøkssenter, innfallsportar og digitale plattformer, samt gjennom ulik tilrettelegging der dette er naudsynt og ønskeleg.**
3. **leggje til rette for at lokal berekraftig verdiskaping kan skje innanfor gjeldande regelverk.**

### 3.2 Strategiske grep

I besøksstrategien må det takast grep for å nå måla som blir sett. Dette skildrar dei overordna grepa eller handlingane som må til for at ein skal lykkast med besøksforvaltinga i eit verneområde.

## Strategiske grep for å nå dei ulike måla

### Mål 1: Sikre og ivareta verneverdiane i eit 200-årsperspektiv

- Kanalisere ferdsel til stiar og løyper som er godkjent i forvaltningsplanen og til områder som kan tole høgt besøkstrykk.
- Bruke informasjon som eit verkemiddel for å redusere bruk av sårbare område.
- Vurdere om stiar og løyper som er i konflikt med verneverdiane kan leggjast om eller fjernast.

#### Tiltak for å nå måla:

- Sikre at godkjente stiar og løyper er godt merka.
- Synleggjere på digitale plattformer dei innfallsportane som er ønskjeleg at dei besøkande brukar.
- Marknadsføre turar som forvaltninga meiner ikkje kjem i konflikt med verneverdiane.
- Sikre at det er god og oversikteleg informasjon på dei ulike informasjonspunkta. Informasjonen skal vera tilpassa nærområdet.
- Sjå på moglegheita for å erstatte skiløypa gjennom Strynefjellet landskapsvernområde med ei anna løype som ikkje er i konflikt med villreinenens bruk av området.
- Lage flyttbare mindre informasjonstavler som blir sett ut i terrenget eksempelvis i område der det er vårskiløping og kalvingsområde for villreinen.
- Sikre at det er god informasjon i Dumdalen slik at regelverket for bruken av grottene blir godt kjent.
- Overvaking og eventuelt justering av tiltak undervegs.

### Mål 2: Gje gode opplevingar for dei besøkande gjennom informasjon og tilrettelegging

- Gje brukarane god og spissa informasjon i alle ledd (før besøk, undervegs og i verneområdet).
- Fokuserer på «kundereisa» ut frå Norsk Fjellsenter i Lom og Breheimsenteret i Luster.

#### Tiltak for å nå måla:

- Etablere nettside for dei besøkande etter mal frå Miljødirektoratet med fokus på spissa informasjon der forvaltninga er avsendar.
- Etablere ny verneområdeinformasjon på informasjonspunkta rundt Breheimen etter ny mal frå Miljødirektoratet.
- Etablere «kundereisa» Skåk. I grove trekk ser ein for seg følgande tiltak:
  - **Norsk Fjellsenter** (start) – **Dønfoss** (informasjon) – **Sota** (tilrettelegging).
    - **Norsk Fjellsenter:** Etablere informasjon saman med Norsk Fjellsenter som peikar ut til «endestasjonen» med startpunkt og attraksjon.



- **Dønfoss:** Erstatte eksisterande utandørs informasjonspunkt ved butikken på Dønfoss med eit nytt informasjonspunkt. Informasjonspunkt skal vera i tråd med merkevarestrategien. Arbeidet skal gjerast i samarbeid med Skjåk kommune og andre aktørar i området. Punktet bør fungere som eit blikkfang som invitere forbipasserande til å stoppe opp. Punktet skal peike vidare innover mot Sota seter som informasjons- og startpunkt.
    - **Sota seter:** Erstatte eksisterande utandørs informasjonspunkt ved Sota seter med eit nytt informasjonspunkt. Informasjonspunkt skal vera i tråd med merkevarestrategien. Arbeidet skal gjerast i samarbeid med Skjåk kommune og andre aktørar i området. Punktet skal invitere forbipasserande til å stoppe opp og innfallsporten skal peike vidare mot DNT-stien/løypa som går gjennom området. Det kan også vurderast å etablere ein natursti eller liknande med utgangspunkt i informasjonspunktet. Naturstien kan delvis gå utanfor/innanfor Mysubytta landskapsvernområde.
  - Moment for vidare prosess på dette punktet:
    - Invitere Norsk Fjellsenter, Skjåk kommune og andre lokale aktørar som eventuelt blir omfatta av tiltaka til idémyldring og synfaring. For å halde driftskostnadane låge må det satsast på enkle utandørs informasjonspunkt.
    - På bakgrunn av punktet ovanfor vurdere om det skal gjennomførast ein moglegheitsstudie av «kundereisa» mellom Fjellsenteret og Sota seter. Ei moglegheitsstudie vil gje eit betre inntrykk av utforming og kva for tiltak som er nødvendig.
    - Saman med mellom anna Reinheimen-Breheimen villreinutvalg og Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen vurdere om det er naudsynt med ei sårbarheitskartlegging av området før eventuelle tiltak blir sett i verk.
- Etablere «kundereisa» Luster. I grove trekk ser ein for seg følgande tiltak:
  - **Breheimsenteret** (start) – **Skjolden** (informasjon) – Mørkridsdalen (tilrettelegging).
    - **Breheimsenteret:** Etablere informasjon og formidlingsopplegg saman med besøkssentera som peikar ut til «endestasjonen» med startpunkt og attraksjon.
    - **Skjolden:** Etablere informasjonspunkt utandørs ved Fjordstova i samsvar med merkevarestrategien. Vurdere oppgradering av eksisterande utstilling i Fjordstova med ny kunnskap og i tråd med merkevarestrategien. Arbeidet skal gjerast i samarbeid med Luster kommune og andre aktuelle lokale aktørar. Punktet bør fungere som eit naturleg møtestad og blikkfang for folk som kjem til Skjolden hotell, Fjordstova og nærbutikken. Punktet skal peike vidare til to informasjons- og startpunkt i Mørkridsdalen.

- **Mørkridsdalen:** Erstatte eksisterande utandørs informasjonspunkt med eit nytt i tråd med merkevarestrategien. Arbeidet skal gjerast i samarbeid med Luster kommune og andre lokale aktørar. Punktet skal invitere forbipasserande til å stoppe opp og innfallsporten skal peike vidare mot DNT-stien som går gjennom området. Det kan vurderast å nytte buforveg og vårstølen t.d. Steinhaugen eller Berget til natursti eller liknande med utgangspunkt i informasjonspunktet. Vidare vil det bli vurdert om det er naudsynt med andre infrastrukturtiltak kring dette punktet, som mellom anna storleik på parkeringsplass og avfallshandtering.
- Moment for vidare prosess på dette punktet:
  - Invitere Breheimsenteret, Luster kommune og andre lokale aktørar som eventuelt blir omfatta av tiltaka til idémyldring og synfaring.
  - På bakgrunn av punktet ovanfor vurdere om det skal gjennomførast ein moglegheitsstudie av «kundereisa» mellom besøkssentera og Mørkridsdalen. Ei moglegheitstudie vil gje eit betre inntrykk av utforming og kva for tiltak som er naudsynt.
  - Avklare med grunneigar om å nytte buforveg og støl som formidlingsarena, samt å kunne nytte eksisterande stølshus i formidlinga.
  - Avklare drift og ansvar for utstillinga på Fjordstova.
- «Kundereisa» Lom:
  - Har allereie ei etablert kundereise frå Norsk Fjellsenter til Sognefjellshytta (Jotunheimen nasjonalpark). Langs denne aksen er det ønskjeleg med informasjon om Breheimen nasjonalpark på dei etablerte informasjonspunkta.

### **Mål 3: Leggje til rette for lokal berekraftig verdiskaping**

- Arbeide for å få eit tettare samarbeid med reiselivet og andre næringsaktørar.
- Vurdere om det kan etablerast infrastruktur som er positiv for verneverdiane og som reiselivet også kan bruke for sine besøkande, jf. mål 2.

#### Tiltak for å nå måla:

- Gjennomføre informasjonsmøte og/eller «vertskapskurs» med jamne mellomrom der ulike tema blir teke opp.
- Etablere fysiske tiltak i utkanten av/utanfor verneområda som reiselivet kan nytte seg av, jf. mål 2.

# 4 Kommunikasjonsplan

## 4.1 Bakgrunn

Føremålet med kommunikasjonsplanen er å bidra til at måla i besøksstrategien blir nådd gjennom å leggje føringar for forvaltninga sitt kommunikasjonsarbeid. Planen skal skildre kommunikasjonsmål, målgrupper, budskap, kanalar og ansvars- og oppgåvefordeling. Siste del av planen er ei tiltaksliste med tidsfristar.

Kommunikasjonsplanen blir eit viktig verktøy i arbeidet med å kanalisere ferdsla inn mot startpunkt og innfallsportar som toler meir besøk, og der dette ikkje forringar verneverdiar og verneføremål. Vi skal ønskje «velkomen inn» på ein inkluderande måte, samstundes som vi bidreg til å auke forståinga for vernet og kanaliserer besøkande til innfallsportar som toler det.

Kommunikasjonsplanen er utarbeidd av sekretariatet som eit utkast å arbeide vidare med, i samarbeid med lokalsamfunn og reiselivsorganisasjonar.

## 4.2 Mål for kommunikasjon

Det overordna målet med kommunikasjonsplanen er å leggje føringar for korleis vi skal kommunisere for å støtte oppunder målsetjingane i besøksstrategien og dei strategiske måla.

Vi skal kommunisere for å:

- Kanalisere ferdsle til gode og tilrettelagde innfallsportar og startpunkt.
- Synleggjere berekraftige aktivitetstilbod rundt nasjonalparken.
- Leggje til rette for naturvenleg og enkelt friluftsliv.
- Formidle kunnskap om villrein.
- Formidle kunnskap om kulturlandskap og historie.
- Formidle kunnskap om høgfjellsøkosystem og klima.
- Leggje til rette for opplevingar knytt til geologi og vassdragsnatur.

## 4.3 Målgrupper

### 4.3.1 Lokalbefolkninga

Folket i bygder og grender kring verneområda i Breheimen kan vere både gjester, formidlarar og forvaltarar av verneområda. Det er viktig med god kommunikasjon med denne gruppa for å sikre

forståing for verneverdiane og sikre at dei gode naturopplevingane vil halde fram. Dette er ei viktig målgruppe også i samband med lokal verdiskaping.

### **4.3.2 Turisten**

Ei viktig gruppe er førstegongsbesøkande som ikkje har noko spesiell kunnskap om verneområdet eller friluftsliv frå før. Vi skal framheve innfallsportar som er tilrettelagte og enkle å nå og som gjev ei god nasjonalparkoppleving. Samarbeid, dialog og informasjonsflyt saman med besøkssentra er viktig.

### **4.3.3 Fjellvandrarar**

I brukarundersøkinga til Breheimen var ein stor del av dei besøkande røynde friluftsfolk med god kunnskap og som gjekk fleirdagars turar. Desse er viktig å nå med god informasjon fordi dei brukar større delar av verneområda og oppheld seg lenger innanfor vernegrensene enn andre. Tilrettelagte startpunkt, kart og stiar er etterspurt informasjon for denne gruppa. Godt samarbeid og dialog med DNT – Oslo og Omegn blir prioritert.

### **4.3.4 Reiselivet**

Overnattingsbedrifter, aktivitetsbedrifter og andre reiselivsbedrifter som har aktivitet i og rundt nasjonalparken har mest direkte kontakt med gjestene og dermed høve til å formidle verneverdiane for områda. Godt samarbeid og god informasjonsflyt mellom forvalting og reiselivet i regionen vil bli høgt prioritert.

## **4.4 Bodskap**

Bodskapen som vert kommunisert skal støtte opp om besøksstrategien. Det er vårt ansvar å produsere god og lettfatteleg informasjon som bidreg til å kanalisere alle besøkande til gode nasjonalparkopplevingar utanom dei mest sårbare områda, og samstundes auke forståinga for vernet. Dette vil vi gjere ved å:

- Løfte fram besøkspunkt i randsona som toler stort besøk, er godt tilrettelagt med informasjon og som gjev ei god nasjonalparkoppleving.
- Løfte fram opplevingar i landskapsverneområda med seterdalar.
- Løfte fram besøkssentra som naturlege besøkspunkt for alle som ønskjer å vite meir om verneområda.
- Marknadsføre nasjonalparken som krevjande høgfjellsområde som passar for folk med erfaring, då det er lite tilrettelegging.
- Syne fram historier om tradisjonell bruk og ferdsel som stølsdrift, beitebruk, skjøtsel og tradisjonelt friluftsliv.
- Syne fram berekraftige og naturbaserte aktivitetstilbod i og rundt nasjonalparken.

- Dempe kommunikasjon av aktivitetar som kan uroe villreinstamma i Reinheimen – Breheimen.

## 4.5 Kanalar

For å nå målgruppene med budskapet vår må vi ta i bruk ulike kanalar og verkemiddel. Vi har valt ein kombinasjon av tradisjonelle og moderne kanalar for å nå ut til flest mogleg innanfor våre målgrupper. I brukarundersøkinga kom det fram at dei fleste planlegg turen i god tid før dei kjem til verneområda. Difor må god informasjon også vere tilgjengeleg i samband med planlegginga av turen til verneområdet. Budskapet må presenterast gjennom heile kundereisa, frå planlegging til reisa er gjennomført.

### 4.5.1 Informasjonspunkt ved innfallsportar

Informasjonspunkta ved innfallsportane er ein viktig kanal for å fortelje om og nå ut til den besøkande om kva som er viktig å ta omsyn til i eit mindre avgrensa område. Informasjonspunkta som eksisterer i dag skal i hovudsak vidareførast. Kvart punkt vil bli vurdert om det trengs å rustast opp og alle informasjonstavler må erstattast etter ny merkevareprofil for Noregs nasjonalparker. Informasjonen som skal formidlast må tilpassast dei ulike innfallsportane. I besøksstrategien må også omfang av tilrettelegging og rekkefølge på oppgradering prioriterast i ein tiltaksplan.

### 4.5.2 Besøksretta nettside

Denne skal vere besøksretta og innehalde så mykje og god informasjon at gjesten og andre målgrupper står att med minimalt av usvarte spørsmål. Den skal ønskje velkomen inn i dei mindre sårbare områda og randsona samstundes som den skal innehalde tydeleg og lettfatteleg informasjon om reglar og verneverdiar. Sida skal vere eit verktøy som alle målgruppene kan bruke og nyttiggjere seg av. Det skal ikkje vere ei reiselivsside, men det skal vere mogleg å planlegge opplevinga av nasjonalparken med utgangspunkt i nettsida gjennom at vi lenker vidare til destinasjonsselskapa og dei lenker vidare til oss. Det same gjeld for besøkssentra, som vi har laga ei eiga temaside om og ønskjer å løfte fram. Vi ønskjer i størst mogleg grad å løfte fram dei same opplevingane og aktivitetane som reiselivet gjer så lenge det ikkje strir mot vernet.

Tema for sida (dette er ikkje endeleg):

- Om nasjonalparken
- Opplevingar og aktivitetar
- Besøkssentra
- Innfallsportar
- Villrein
- Historisk bruk

- Reise og overnatting

### **4.5.3 Sosiale medium**

Verneområda i Breheimen har valt å nytte Facebook og Instagram som sosialt medium. Kanalane skal nyttast til å produsere og dele innhald med ein god blanding av inspirasjon og informasjon. Det vil vere formålstenleg å jobbe tett med destinasjonsselskapa og andre aktuelle samarbeidspartnarar, både for å samarbeide om innhald og enkelt kunne krysspublisere.

#### **4.5.3.1 Instagram**

Instagram skal brukast til å inspirere og å kome med kort informasjon og enkle tips. Innhaldet skal vere ein kombinasjon av eigenprodusert stoff og deling av andre sitt innhald. Gode bilete i tråd med merkevara er viktig.

#### **4.5.3.2 Facebook**

Facebooksida skal ha mykje av den same funksjonen som Instagram, men skal i større grad vere ein informasjonskanal. Det er likevel viktig å finne ein god balanse mellom inspirasjon og informasjon for å halde oppe interessa til følgjarane. Også her skal innhaldet vere ein kombinasjon av eigenprodusert stoff og deling av andre sitt innhald, men med ein større del eigenprodusert stoff.

### **4.5.4 Destinasjonsselskapa sine kanalar**

Desse kanalane er viktige informasjonskjelder for gjesten både i planleggingsfasen og medan han ein er på tur. Det er i dag stor variasjon i kor mykje informasjon dei ulike destinasjonsselskapa har om nasjonalparken. Vi skal jobbe for å løfte denne informasjonen i desse kanalane, både ved direkte å ha tett samarbeid med destinasjonsselskapa og ved at det vert naturleg å lenke frå deira sider til vår besøksretta nettside.

### **4.5.5 Besøkssentera**

Besøkssentera er viktige formidlarar av budskapet vår. Vi vil jobbe for å vidareutvikle det gode samarbeidet med dei to besøkssentera rundt nasjonalparken.

### **4.5.6 Brosjyrar**

Vi skal utarbeide ein ny kartbrosjyre med generell informasjon om verneområda, naturen og opplevingane i området. Brosjyren skal vere ei kjelde til informasjon og ein invitasjon til besøkande.



### **4.5.7 Arbeid mot pressa**

Vi skal ha ein god dialog med pressa, særleg lokal presse. Nytte dei moglegheitene som byr seg, men og sjølv ta initiativ til saker for å få ut budskapet vår.

### **4.5.8 Vegskilting/kartløyningar**

Rett og konsekvent skilting er viktig for at gjestene skal få ei god oppleving når dei besøker oss. Vi skal ha god dialog med vegvesenet, fylkeskommunen, kommunane, kartleverandørar og andre for å bidra til at skilting og kart er korrekte.

### **4.5.9 Film og foto om parken**

Vi skal arbeide for å ha ein oppdatert bildebase med gode bilete og filmsnuttar frå nasjonalparken som kan nyttast på sosiale medium og i trykte medium.

## **4.6 Korleis kommunisere med målgruppene**

Som det kjem fram av brukarundersøkinga startar turen til verneområda på internett. Det er difor viktig at dei besøkande kan finne god og presis informasjon via den besøksretta nettsida som omhandlar verneområda, både kva som er lov og kva ein skal ta omsyn til. Turtips og kart er etterspurt på nett. Dette gir høve til å kunne styre noko ferdsel.

Turen vidare er til randsona til verneområda, gjerne til overnattings-, spise- og aktivitetsbedrifter. Besøkssentra er eit viktig knutepunkt mellom forvaltning, reiseliv og dei besøkande. Dialogen og budskapet må forankrast her, då det er dei som har den direkte kontakten med dei besøkande.

Ved startpunkt og informasjonspunkta skal merkevarestrategien sin visuelle profil bidra til å gi ein kvalitet på opplevinga. Det er også her ein kan vere meir spesifikk i kva opplevingar som ventar i verneområdet, og om det er noko ein skal ta ekstra omsyn til, anten det er farar eller naturverdiar.

Ei viktig gruppe er dei lokale. Dei har ofte mykje kunnskap som er interessant for både forvaltning og andre besøkande, samstundes som dei er interessert i ny kunnskap. Gode prosessar og involvering er viktig for lokal forankring og stoltheit.

# 5 Tiltaksplan

Tiltaksplan besøksstrategi Breheimen nasjonalpark		
Verneområde	Beskriving	Gjennomføringsperiode
Alle	Utarbeide ny besøksretta nettside og brosjyre for verneområda i Breheimen. Marknadsføre turalternativ der forvaltninga er avsendar.	2022 →
Alle	Utarbeide nye informasjonsplakatar etter ny merkevare for verneområda i Breheimen.	2023 →
Alle	Starte arbeidet med å skifte ut informasjonsstativ og -plakatar i tråd med vedlegg 1.	2024 →
Alle	Gjennomføre møter og synfaring i samband med ei eventuell etablering av «kundereisa» i Skjåk kommune og Luster kommune.	2024 →
Breheimen NP, Strynefjellet LVO	Utarbeide nye informasjonsskilt til dei ulike grottene i Dumdalen og flyttbare skilt som informerer om villrein og vårskiløping.	2021 - 2023
Alle	Saman med andre utarbeide relevant «informasjonsreklame» for verneområda som kan nyttast på sosiale medium gjennom året.	2021 →
Alle	Saman med andre aktørar vurdere om sti eller løype som er i konflikt med verneverdiane kan leggjast om eller fjernast.	2024 →
Alle	Gjennomføre informasjonsmøte med reiselivet og eventuelt andre aktørar der ulike relevante tema frå forvaltninga og frå reiselivsnæringa blir teke opp.	2023 →

# 6 Kjelder

**Artsdatabanken.** 2018. Artsdatabanken. Norsk rødliste for naturtyper

**Breheimen nasjonalparkstyre.** 2017. Forvaltningsplan for verneområda i Breheimen

**Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.** 2008. Vern av Breheimen – Mørkridsdalen. Konsekvensutredning kulturminner og kulturmiljø

**Fylkesmannen i Oppland v/ Vorkinn, Marit.** 2020. Bruk og brukere i Jotunheimen 1992-2019.

**Kartfortelling.** Kunnskapsgrunnlaget for delnorm 3, Kvalitetsnorm for villrein, i Reinheimen-Breheimen villreinområde. [www.villrein.no](http://www.villrein.no)

**Kistefos Skogtjenester.** 2018. Sårbarhetsvurdering rovfugl/våtmarksfugl 2018 (unnateke offentlegheita).

**Lovdata.** [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)

**Miljødirektoratet.** Designmanual for Norges nasjonalparker.

**Miljødirektoratet.** 2015. Innfallsporter - Veileder M-417/2015.

**Miljødirektoratet.** 2015. Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder.

**Nasjonalparkriket reiseliv.** [www.nasjonalparkriket.no](http://www.nasjonalparkriket.no)

**Norsk institutt for naturforskning.** Rapport 227. 2007. Villreinen i Ottadalsområdet

**Norsk institutt for naturforskning.** Rapport 643. 2011. Villreinen i Ottadalen.

**Norsk institutt for naturforskning.** Rapport 1589. 2019. Sårbarhetsvurdering av utvalgte lokaliteter i Breheimen nasjonalpark og Mørkridsdalen landskapsvernområde.

**Norsk institutt for naturforskning** Rapport 1349. 2017. Bruken og brukarane av Breheimen nasjonalpark 2016.

**Norsk institutt for naturforskning** Rapport 2126. 2022. Klassifisering av de ti nasjonale villreinområdene etter kvalitetsnorm for villrein. Første klassifisering – 2022.

**Norsk klimaservicesenter.** <https://klimaservicesenter.no/kss/klimaprofiler/om>

**Oppland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane fylkeskommuner.** 2016. Regional plan for Ottadalsområdet 2016-2026.

**Speleoconsult AS.** 2022. Befaringsrapport Dumdalen.

**Visit Jotunheimen.** [www.visitjotunheimen.no](http://www.visitjotunheimen.no)

**Visit Sognefjord.** [www.sognefjord.no](http://www.sognefjord.no)

Sjå publikasjonar her: <https://www.nasjonalparkstyre.no/Breheimen/publikasjoner/besoksstrategi>

# Norges nasjonalparker

## Kontaktinformasjon Norges nasjonalparker

Telefon: 03400/73 58 05 00 | Faks: 73 58 05 01  
E-post: [post@miljodir.no](mailto:post@miljodir.no)  
Nett: [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no)  
Post: Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim  
Besøksadresse: Brattørkaia 15, 7010, Trondheim